

Female Friendly Porn

**– ei studie av nettporno for heteroseksuelle
kvinner**



av

Karianne Søreide



Masteroppgåve

Institutt for informasjons – og medievitenskap

Universitetet i Bergen

Desember 2015

Samandrag

Denne oppgåva analyserer nettporno for heteroseksuelle kvinner, såkalla *Female friendly porn*. Denne pornokategorien har vakse fram som eit kvinnevennleg alternativ til heteroseksuell mannleg porno. I oppgåva blir det nytta både kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse for å sjå nærare på ulike aspekt ved *Female friendly porn* for å finne ut om det er felles kjenneteikn ved pornomateriale som vert klassifisert med denne merkelappen, og om denne typen porno skil seg frå heteroseksuell mannleg porno. Dette vert gjort ved å analysere til saman 40 pornovideoar, 20 henta frå to samlenettsider som opererer med kategorien *Female friendly porn* og 20 videoar med det ein kan kalle typisk heteroseksuell mannleg porno frå dei same samlenettsidene. Oppgåva finn tydelege forskjellar mellom materialet i dei to kategoriane, og konkluderer med at det analyserte materialet merka som *Female friendly porn* må kunne sjåast på som såvidt forskjellig frå den tradisjonelle heteroseksuelle mannleg pornoen at det kan vere snakk om ein eigen sjanger.

Takk

I høve mine år på masterstudiet i medievitenskap er det ein del personar som eg må takka for at masteroppgåva vart mogeleg å gjennomføre. Eg vil blant anna takka min rettleiar Erlend Lavik som har hjelpt meg med å sette ord på tankar og idear eg har hatt kvar gong eg møtte opp på rettleiing og kasta ulike ord og setningar i lufta, medan eg febrilsk har veiva med armene i rein frustrasjon. Du har vore til stor hjelp med dei innspela og forslaga du har komme med.

Eg vil også takka mine foreldre som i frykt for pinleg stemning i ulike familiebesøk, har unngått å fortelle resten av slekta mi kva tema eg har tatt for meg i masteroppgåva. Eg må også takka min kjære sambuar, Joakim, som over ein lengre periode har levd saman med ein i overkant pornofiksert kjærast, og som har tatt seg av ulike felleskostnadar i slutten av kvar månad, då bankkontoen min har vore tom grunna dyre abonnemnet på ulike pornosider. Og ikkje minst må eg takka mi kjære svigermor som las korrektur av oppgåva.

Takk skal de ha.

Karianne Søreide

Innholdsliste

Samandrag	2
Takk	3
1 Innleiing	5
1.1 <i>Problemstilling</i>	6
1.2 <i>FFP som potensiell sjanger</i>	7
1.3 <i>Strukturen i oppgåva</i>	9
2 Metode: Kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse	10
3 Materiale	11
3.1 <i>FFP-videoane</i>	11
3.2 <i>HMP-videoane</i>	13
3.3 <i>FFP- og HMP-nettsidene</i>	14
4 FFP sin plass i pornofeltet	16
4.1 <i>Opphavet til FFP</i>	16
4.2 <i>Kvinner i bransjen om kva som kjenneteiknar FFP</i>	20
4.3 <i>Forholdet mellom FFP, Feminist porn og Erotica</i>	24
5 Den kvantitative innhaldsanalysen	25
5.1 <i>FFP-videoane</i>	26
5.2 <i>HMP-videoane</i>	27
5.3 <i>Utdjuping av variablane og resultatata frå den kvantitative analysen</i>	28
6 Den kvalitative innhaldsanalysen	31
6.1 <i>FFP- og HMP-nettsidene</i>	31
6.2 <i>FFP- og HMP-videoane</i>	33
6.2.1 <i>Trekk ved skodespelarane/karakterane</i>	33
6.2.2 <i>Trekk ved sexhandlinga</i>	43
6.2.3 <i>Produksjonsmessige element</i>	49
7 Alternativ til FFP for kvinnelege sjåarar	62
8 Konklusjon	63
8.1 <i>Innleiing</i>	63
8.2 <i>Oppsummering og diskusjon av funna</i>	64
8.3 <i>Er Female friendly porn ein eigen sjanger?</i>	68
8.4 <i>Oppgåva sitt forskningsbidrag og vidare forskning</i>	69
Litteraturliste	71
Appendiks	73

1 Innleiing

Porno er eit kontroversielt tema som det er mange forskjellige meiningar om, både negative og positive. Feministar har til dømes gjeve porno skylda for å vere både kvinneundertrykkande og direkte skadeleg for sjåarane, medan enkelte religiøse grupper ser på porno som ei blasfemisk krenking av det heilage ekteskapet. Andre har ei meir positivt haldning til porno, og meiner at porno har skapa meir openheit rundt sex og seksualitet (McNair, 2013, 17). Men kva er eigentleg porno? McNair (2013) definerer porno som ein ”cultural form defined by its content (sex), its intention (to sexually arouse), and its transgressive relationship to prevailing codes of sexual display and representation” (McNair, 2013, 18). For at noko skal vere pornografisk må det altså representere sex i den hensikt av å opphisse (*arouse*) brukaren (McNair, 2013, 18). Folk kan også bli opphissa av materiale som i utgangspunktet ikkje har som formål å opphisse, men dette blir ikkje rekna som pornografi. Effekten i slike tilfelle er i følge McNair (2013, 19) tilfeldig.

Porno har gjerne vore rask med å ta i bruk nye medium, og har vore innom dei fleste medium før det gjorde sitt inntog på dagens internett. Pornografi finn ein i 12 000 år gamle holemaleri i Tyskland, som teikningar og på opptrykka pamflettar etter Gutenberg si oppfinning av boktrykkarkunsten i 1440. Porno finn ein som *moving images* i perioden rundt utviklinga av film og kino, i glossy magasin som til dømes *Hustler* rundt 1950-talet, via media som satellitt og VCR på 1970-talet, før det dukka opp på dagens internett (McNair, 2013, 23). I dagens samfunn finn ein fortsatt pornoblader i hyllene på Narvesen, og porno på DVD kan nok fortsatt også oppdrivast, men i dag er det nok internett flest pornobrukarar vender seg til for å sjå porno (sjå Grebowicz 2013 for ein diskusjon av porno på internett). Hovudgrunnen til dette er nok det store tilbodet av porno som dette mediet har å tilby, i tillegg til at det ofte er gratis, og ikkje minst at brukarane ofte har moglegheita til å vere anonyme.

Porno er gjerne noko ein forbinder med eit heteroseksuelt mannleg publikum. Ein grunn til dette er truleg at heteroseksuell mannleg porno er den typen porno det har vore mest av og at det er den som er lettast å få tak i, i forhold til andre typar porno som rettar seg mot andre publikumsgrupper. Men dersom ein tek ein nærare titt på ei samlenettside for pornovideoar som til dømes youporn.com eller pornhub.com, ser ein at det finnest ei rekke andre pornokategoriar som rettar seg mot andre målgrupper enn det heteroseksuelle mannlege publikumet. Desse er mykje mindre representerte i forskinga som finns på porno og er meir marginale i forhold til den heteroseksuelle mannlege pornoen. Det var etter ein slik nærare titt på youporn.com og pornhub.com at eg kom over den pornokategorien som masteroppgåva mi

skal handle om; såkalla *Female friendly porn*.

Porno har fascinert meg som forskingsfelt, ikkje minst grunna det faktum at det er så mange ulike haldningar til og meiningar om temaet. At det var eit slik kontroversielt felt inspirerte meg. Men å skrive om porno generelt let seg ikkje gjere i ei masteroppgåva med eit avgrensa sidetal; eg måtte altså gå for eit meir spesifikt felt innan porno. Då eg klikka meg inn på samlenettsidene youporn.com og pornhub.com for få inspirasjon til tema for oppgåva, kom eg over ein kategori begge desse to nettsidene opererte med, nemleg *Female friendly porn*. Grunnen til at det akkurat blei *Female friendly porn* som oppgåva mi skal handle om var at eg vart nysgjerrig på kva type porno denne kategorien inneheldt. Merkelappen indikerte at pornoen hadde ei anna hovudmålgruppe – kvinner – enn tradisjonell porno.

Når eg så byrja leite etter studiar og litteratur som omhandla porno retta mot kvinner, oppdaga eg at det ikkje var mykje forskning å oppdrive (men sjå kapittel 3.2 og 4.1). Dette gjorde temaet endå meir interessant å studere i høve til kva som kjenneteiknar denne typen porno.

1.1 Problemstilling

Målet med oppgåva mi er å finne ut om porno som vert klassifisert som *Female friendly porn* har spesifikke kjenneteikn som gjer at nettopp dette materialet får denne merkelappen på til dømes samlenettsider for pornovideoar som youporn.com og pornhub.com.

Forskingsspørsmålet mitt er altså dette:

Har *Female friendly porn* eit sett med kjenneteikn som er unike, eller kan ein også finne desse kjenneteikna i det materialet som vert klassifisert som heteroseksuell mannleg porno?

Female friendly porn vil vidare i oppgåva bli referert til som FFP, medan heteroseksuell mannleg porno blir i oppgåva referert til som HMP. Sjølve termen *Female friendly porn* førekjem altså berre på samlenettsidene, men vil brukt gjennom oppgåva for porno retta mot heteroseksuelle kvinner.

Ved å sjå nærare på faktorar som skodespelarar/karakterar, handling og ulike produksjonsmessige trekk ved videomaterialet eg skal analysere, samt ulike stilistiske og innhaldsmessige element ved nettsidene ein kan streame/lasta ned videoane frå, vil eg undersøkje kva som kjenneteiknar FFP. Fordi FFP har vakse fram som eit alternativ til den heteroseksuelle mannlege pornoen for eit heteroseksuelt kvinneleg publikum, blir det mest

naturleg å nytte seg av HMP som samanlikningsgrunnlag for å identifisere eventuelle særtrekk ved FFP. I utgangspunktet er det altså ein skilnad når det gjeld kva kjønn porno i dei to kategoriane rettar seg mot. Eg vil også undersøkje forholdet mellom FFP og to andre pornokategoriar som i hovudsak er retta mot kvinner, nemleg *Erotica* og *Feminist porn* (sjå kapittel 4.3). For å finne eventuelle særkjenneteikn for FFP, skal eg analysere 20 pornovideoar frå denne kategorien og 20 pornovideoar som det er rimeleg å anta i hovudsak er sikta inn på eit heteroseksuelt mannleg publikum.¹ Eg har valt å fokusere på videoar som har ei handling ut over sjølve sexakta, fordi eg meiner dei eventuelle kjenneteikna til FFP vil komme tydligare fram i slikt materiale. Samlenettsidene youporn.com og pornhub.com har vore nytta som ein slags søkjemotor for å finne materialet som er analysert i oppgåva. Det vil seie at eg til dømes har funnet pornovideoar på desse to nettsidene under merkelappen FFP, for å så spore videoane tilbake til opphavssidene, slik at eg er sikker på at analysemateriale som skal nyttast i oppgåva nettopp er FFP (sjå kapittel 3 for ei nærare utgreiing om dette).

1.2 FFP som potensiell sjanger

Som nemnd i innleiinga til oppgåva, er *Female friendly porn* eit uttrykk som vart brukt på dei to pornosamlesidene youporn.com og pornhub.com. Eg har til no valt å snakke om FFP som ein merkelapp, ein type eller kategori innan pornofeltet. I filmteori opererer ein ofte med termen sjanger. Ordet sjanger har opphav i det franske ordet *genre*, som omsetje tyder type eller slag. Innan filmfeltet kan ein ikkje oppnå den same vitskapelege presisjonen når ein skal kategorisere filmar som ein kan til dømes innan felt som biologi og andre naturvitskapelege disiplinar. Det vil vere mindre presisjon i høve til kriteriene ein nyttar i klassifiseringsprosessen, og i tillegg vel mange filmskaparar å kombinere og slå saman sjangrar, eller dei tilfører nye element til tradisjonelle filmsjangrar (Bordwell & Thompson, 2004, 108). Når ein film blir kategorisert som ein viss sjanger, gjev dette eit teikn til sjåarane om kva type innhald dei kan forvente å få sjå, slik at sjangerplasseringa fungerer om lag som ein kontrakt mellom regissør og sjåar (Langford, 2005, 1). Når ein til dømes går for å sjå ein film som er blitt kategorisert som ein musikal, har sjåaren ei forventning om at denne filmen inneheld musikalske innslag og song. Noko kan verte omtalt som ein sjanger retta mot ei spesifikk målgruppe, slik som til dømes *chick flicks*, ei nemning for filmar som rettar seg mot eit ungt kvinneleg publikum (*Cultura Critica*, u.d.). Men filmane som blir plassert under *chick*

¹ Dette er ikkje ein eigen kategori på nettsidene som eg bruker som utgangspunkt for å finne materiale (sjå kapittel 3.2).

flicks-merkelappen kan også representere ulike sjangrar, som til dømes drama eller action. Ein sjanger er gjerne lettare å kjenne igjen enn å definere, då dei fleste sjangrar ofte er velkjente hos publikum. Termen sjanger er altså brukt ulikt, både som ei forskingsbasert eining innan til dømes filmteori og med mindre fastlagt meining.

Slik som i filmbransjen, så opererer også dei fleste pornonettsider med ulike kategoriar, eller sjangrar,² for å gjere det enklare for brukaren å finne akkurat den typen porno som han eller ho ynskjer å sjå. Sjangrane på pornonettsider har ofte utgangspunkt i kjønn, seksuell preferanse, alder og andre, meir spesifikke aspekt. Ein har til dømes sjangeren *Milf* for eit publikum som ynskjer å sjå sensuelle mødrer, sjangeren *Mature* for dei som ynskjer å sjå på eldre og yngre som har sex, og det finnest *Bondage* for dei som ynskjer å sjå ein røffare form for seksuell aktivitet (sjå kapittel 6.1.2 for nærare omtale av nokre av desse kategoriane). I mylderet av sjangrar/kategoriar som er å finne på pornonettsider finn ein også FFP. Dette er ein kategori på både youporn.com og pornhub.com, dei to samlenettsidene eg brukte som utgangspunkt for mi datainnsamling (sjå kapittel 3). FFP rettar seg, som allereie nemnd, mot heteroseksuelle kvinnelege sjåarar, men i motsetnad til dømes sjangernamna *Mature* og *Anal*, der sjangernamnet i seg sjølv er ganske beskrivande for kva type porno sjåarane kan forvente å sjå, er det lite informasjon å hente i sjangernamnet *Female friendly porn*, bortsett frå at dette skal vere kvinnevenleg porno.

I pornobrandsjen skil ein ofte mellom to typar porno, softcore og hardcore, på norsk kalla mjukporno og hardporno. Hardporno blir i Store norske leksikon (snl.no) definert som porno som viser nærbilete av kjønnsdelar, ereksjon, seksuell aktivitet og penetrasjon. Det meste av pornovideoar ein finn på samlesidene youporn.com og pornhub.com er hardporno. I denne oppgåva vil eg ta for meg denne typen. Det er to grunnar til det. For det første er utvalet av hardporno på nettet stort; for det andre forbinder ein gjerne hardporno med eit mannleg publikum, noko som gjer det spesielt interessant å undersøkje om pornoen retta mot kvinnelege sjåarar innan denne kategorien skil seg frå den som er retta mot dei mannlege.

Bordwell & Thompson (2004) nemner ei rekkje komponentar og funksjonar som kan vere relevante for å definere ein sjanger. Målgruppe kan vere med og bestemme sjangertilhøyring, som til dømes *teenpics*, for ungdom (Doherty, 2002), og det Linda Willians kallar *weepies*,

² *Sjanger* er her brukt i noko lausare meining, sidan det ikkje finnst noko særleg forskning bak dei forskjellige kategoriane eller merkelappane det opererast med. Oppgåva vil variere noko mellom bruken av *sjanger*, *kategori* og *merkelapp*. I konklusjonen (kapittel 8) vil eg så igjen diskutere sjangeromgrepet i meir teoretisk tyding.

for kvinner (Williams, 1991), men som vist i forhold til *chick flicks*-kategorien, kan ikkje målgruppe aleine nødvendigvis definere ein sjanger fullt ut. Andre element kan vere med og bestemme ein sjanger er til dømes karakterane, handling/tematikk, setting og filmtekniske aspekt (Bordwell & Thompson, 2004, 110-111).

I ein artikkel frå 1991, diskuterer filmforskar Linda Williams sjangeromgrepet i høve til pornografi, horror og melodrama (*weepies*), som ho refererer til som *bodily excess*-sjantrar. Ho ser fellestrekk ved desse tre sjantrane: "the spectacle of a body caught in the grip of intense sensation or emotion" (Williams 1991, 4) og "a form of ecstasy" (1991, 4). I pornosjangeren framstår "the body spectacle" i form av orgasmen, medan ekstasen har form av "sexual excitement and rapture".

For Williams (1991, 4) er målgruppen for porno antatt å vere menn, slik at hennar diskusjon av porno dreier seg om porno for heteroseksuelle menn (HMP). Sidan målgruppa for FFP er kvinner, vil eg i denne oppgåva, med basis i funna frå den kvantitative og kvalitative analysen av materialet (kapittel 5 og 6), vurdere om FFP kan seiast å vere ein eigen sjanger innan pornofeltet (sjå kapittel 8.3).

1.3 Strukturen i oppgåva

I kapittel 2 gjer eg greie for metodiske val eg har gjort, mellom anna valet av kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse som verky til å diskutere materialet. I kapittel 3 presenterer eg FFP- og HMP-materialet – i hovudsak videoar, men også nettsidene der videoane kan lastast ned frå – som eg skal analysere igjennom dei to ulike innhaldsanalysane. I kapittel 4 ser eg nærare på opphavet til FFP, kva kvinner i pornobransjen meiner er kjenneteikn for FFP, og kva forholdet mellom kategoriane *Feminist porn*, *Erotica* og FFP er. I kapittel 5 legg eg fram resultata frå den kvantitative innhaldsanalysen i to tabellar (5.1 og 5.2), samt utdjuvar analysevariablane og resultata (5.3). I den kvalitative innhaldsanalysen i kapittel 6 legg eg først fram resultata eg fekk igjennom analyse av nettsidene (6.1), før eg presenterer funna frå den kvalitative analysen av videoane (6.2), med diverse trekk ved karakterane/skodespelarane (6.2.1), trekk ved handlinga (6.2.2) og produksjonsmessige element (6.2.3). I kapittel 7 ser eg nærare på kva alternative typar porno som kvinnelege sjåarar ser på i staden for FFP. Denne delen av oppgåva er basert på ei undersøking gjort av samlenettsida pornhub.com. I kapittel 8, som representerer konklusjonen på oppgåva, oppsummerer og diskuterer eg funna frå den kvantitative og kvalitative analysen, før eg vurderer om desse funna peiker mot at FFP kan seiast å representere ein eigen sjanger, i meir teoretisk forstand, innan porno eller ikkje. For å

gjere skilnader og likskapspunkt mellom FFP og HMP meir oversiktlege for lesarane, har eg valt å også presentere dei viktigaste funna frå analysen i form av ein tabell i eit appendiks.

2 Metode: Kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse

Analyse av medietekstar vert oftast gjennomført med ei såkalla innhaldsanalyse. Ein skil mellom kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse. Den kvantitative innhaldsanalysen er inspirert av utviklinga av samfunnsforskning i USA, og er knytta til massekommunikasjonsforskninga på 1950-talet (Østbye mfl., 2007, 59). Den kvalitative innhaldsanalysen har sin bakgrunn i europeiske teoritradisjonar, og hermeneutikken er forløpar for denne typen innhaldsanalyse. Hermeneutikken er ei tolkingslære som vart utvikla for å tyde og finne betyding i ulike juridiske og religiøse tekstar, som så blei vidareført i litterær analyse på 1800- og 1900-talet (Østbye mfl., 2007, 59). Ifølgje Østbye mfl. (2007, 230), er det slik at "[k]vantitative innhaldsanalyser egner seg godt til å gi ei bred kartlegging av et stort tekstmateriale". Men det er også slik at "[f]ordi alle tekster er så rike på nyanser, kan en aldri håpe å fange inn alle aspekter ved tekstene i slike analyser" (Østbye mfl., 2007, 230). Kvantitativ innhaldsanalyse vil egna seg godt til å kartlegge variasjonane mellom dei to materialgruppene på 20 videoar kvar som relativt greitt let seg kvantifisere, men eg må også nytta meg av kvalitativ innhaldsanalyse, sidan eg ynskjer å sjå nærare på aspekt som ikkje let seg kvantifisere. Eg vil bruke det same videoematerialet i den kvantitative og den kvalitative innhaldsanalysen. I den kvalitative delen vil eg også inkludere ei analyse av opphavnettsidene dei 20 videoane frå kvar materialgruppe (FFP og HMP) kunne sporast tilbake til frå samlenettsidene youporn.com og pornhub.com. Både video- og nettsidematerialet blir nærare skildra i kapittel 3.

I kvantitativ innhaldsanalyse opererer ein med einingar og variablar. I denne oppgåva er pornovideoane einingane i analysen (sjå Tabell 1 og 2 i kapittel 3), medan variablane eg har sett opp er som følgjer:

1. Sexstilling
2. Tall på deltakarar i videoen
3. Kjønnfordeling på deltakarene
4. Kjønn på protagonist

I den kvalitative innhaldsanalysen vil eg fokusere på trekk som ikkje let seg måla eller talfeste

gjennom ei kvantitativ analyse. I denne innhaldsanalysen skal eg blant anna sjå på ulike trekk ved karakterane/skodespelarane og ved sexakta, samt produksjonsmessige trekk ved videoen. I denne analysen vil eg, som nemnd over, i tillegg til dei 40 videoane også samanlikne design, språklege element og inkludert informasjon på FFP- og HMP-nettsidene.

3 Materiale

3.1 FFP-videoane

Utgangspunktet i innsamlinga av analysemateriale var å finne til saman 20 pornovideoar frå kategorien/sjangeren FFP på samlesidene youporn.com og pornhub.com. Men sjølv om videoane ligg under merkelappen FFP, betyr ikkje det nødvendigvis at alt dette er porno som er retta mot eit kvinneleg publikum. Produsentane og regissørane av den enkelte videoen kan ha produsert eit bidrag som dei sjølv ville ha plassert under til dømes sjangeren *Anal* eller *Mature*, men administratorane av youporn.com og pornhub.com kan ha hatt ei anna oppfatning av kva sjanger denne videoen passar inn under, og kan difor ha valt å plassere videoen i ein annan kategori. Fordi eg ikkje veit korleis denne klassifiseringsprosessen fungerer, kan eg heller ikkje stole blindt på at dei videoane som ligg under FFP på pornhub.com og youporn.com faktisk er porno laga primært for heteroseksuelle kvinner. Eg har derfor valt ut videoar på youporn.com og pornhub.com som eg kan spore tilbake til regissørar, produsentar og nettsider som sjølv hevdar og reklamerer med at dei produserer FFP. Til dømes så fann eg pornovideoar frå pornoselskapet *Lust Cinema* under sjangeren FFP på både youporn.com og pornhub.com, men for å vere sikker på at dette nettopp var porno for heteroseksuelle kvinner, klikka eg meg inn på *Lust Cinema* si eiga nettsida for å finne ut om dette faktisk var porno for denne gruppa, eller om det berre var videoar som administratorane på youporn.com og pornhub.com tilfeldigvis hadde plassert under FFP-sjangeren. Eg måtte altså leite frå toppen og nedover på samlenettsidene til eg fann totalt 20 videoar som eg var sikker på var FFP og som kunne sporast tilbake til opphavsnettsider som hevda at dei produserte FFP.

Eit tilleggsmoment i denne søkefasa var at ikkje alle videoane på dei to samlenettsidene var fullstendige videoar. Eg har difor vore nøye med at videoane eg har inkludert i materialet er fullstendige pornovideoar og ikkje berre klipp eller utdrag av lengre videoar. Det vil ha vore feil å inkludere slike klipp og utdrag, då dette kunne ha påverka resultatata av både den kvantitative og den kvalitative innhaldsanalysen. For å få tilgang til heile pornovideoar måtte

eg abonnere på dei fire nettsidene *EroticaX*, *Frolicme*, *Lust Cinema* og *Sssh*. Dei 20 videoane eg analyserer representerer 5 videoar frå kvar av desse nettidene som oppfyller dei krava eg har spesifisert over. Lengda på FFP-videoane varierte mellom 9 og 15 minutt.

Tabell 1 FFP-videoane

Nettside	Video
<i>EroticaX</i>	<i>Anna's Secret</i>
	<i>A Touch of Romance</i>
	<i>Ever After</i>
	<i>Lush</i>
	<i>Role Play</i>
<i>Frolicme</i>	<i>Drive Me Crazy</i>
	<i>Opposite Pleasure</i>
	<i>Returned</i>
	<i>Sir</i>
	<i>Voyeur</i>
<i>Lust Cinema</i>	<i>A Feminist Man</i>
	<i>Mad Men Porn</i>
	<i>Take Me Drunk</i>
	<i>The Art of Spanking</i>
	<i>The Couch Surfer</i>
<i>Sssh</i>	<i>Five Star Hotel</i>
	<i>Midnight Dinner</i>
	<i>Taste 1 Course Bruschetta</i>
	<i>Taste, 5th Dessert</i>
	<i>Waltz With Me</i>

3.2 HMP-videoane

Som for FFP-videoane, har eg valt 20 pornovideoar som er retta mot eit heteroseksuelt mannleg publikum. Det er mange sjangrar å velje i, på både youporn.com og pornhub.com, men i motsetnad til FFP-merkelappen, finst det ingen kategori som heiter *For Him* eller *Heterosexual Male Porn*. For å finne relevante videoar, tenkte eg først å nytte meg av kjenneteikn som forskarane Linda Williams (2004) Brian McNair (2013), og pornofilmprodusentane/-regissørane Candida Royalle (2013) og Erika Lust (2010) og har peikt på som typisk for HMP. Men å aktivt gå inn for å finne pornovideoar som har kjenneteikn frå HMP kunne ha ført til at eg ikkje fekk eit representativt utval. Mesteparten av HMP inneheld samleie mellom ein mannleg og ein kvinneleg karakter. Eg har difor valt til saman 20 pornovideoar som låg under *Most Popular* på framsida av youporn.com og pornhub.com og som hadde mann og kvinne med i videoen. For å vere sikker på at videoane eg har valt som analysemateriale av HMP er retta mot primærmålgruppa eg søkte, har eg nytta meg av den same metoden eg nytta når eg skulle finne analysemateriale for FFP. Eg har altså spora videoane tilbake til nettsider som reklamerer med å vere retta mot eit heteroseksuelt mannleg publikum. Eg valde igjen dei 20 pornovideoane som låg øvst på framsida på både youporn.com og pornhub.com. Eg har også for dette materialet valt å nytta heile videoar og ikkje berre klipp, slik at HMP-materialet vert mest mogeleg samanliknbart med FFP-materialet. Dette innebar at eg, som for FFP-videoane, måtte abonnere på ein del andre pornosider enn samlesidene youporn.com og pornhub.com for å få tak i fullstendige HMP-videoar. Dei sidene eg brukte var *Babes*, *Devil's Film*, *Hustler*, og *21 Sextury Network*. Alle desse fire pornosidene rettar seg mot eit heteroseksuelt mannleg publikum. Lengda på HMP-videoane varierte mellom 10 og 20 minutt.

Tabell 2 HMP-videoane

Nettside	Video
<i>Babes.com</i>	<i>Busty Breast Exam</i>
	<i>Candy Cat</i>
	<i>Irresistible</i>
	<i>Madison Ivy 1</i>

	<i>Madison Ivy 2</i>
<i>Devil's Film</i>	<i>Big Titty Milf #8</i>
	<i>Big Titty Milf #18</i>
	<i>Big Titty Milf #21</i>
	<i>Double View Casting</i>
	<i>Hot Mama</i>
<i>Hustler.com</i>	<i>Busty Beauties</i>
	<i>Crazy Fuck</i>
	<i>Graduation Summa 'Cum Load</i>
	<i>Married Milf</i>
	<i>Raven Takes It</i>
<i>21 Sextury Network</i>	<i>Blow Bang</i>
	<i>Dorcel's Naughty School Girl</i>
	<i>Jordan Ash</i>
	<i>Milf Trainer</i>
	<i>Naughty School Girl</i>

3.3 FFP- og HMP-nettsidene

Under sjangeren FFP på youporn.com og pornhub.com fann eg, som nemnt over, videoar frå *EroticaX*, *Frolicme*, *Lust Cinema* og *Sssh*. Alle desse fire pornoselskapa reklamerer med at dei produserer og distribuerer kvinnevennleg porno. Når det gjaldt HMP-videoane som skal nyttast som analysemateriale, var dei altså levert av pornosidene *Babes*, *Devil's Film*, *Hustler* og *21 Sextury Network*. Etter å ha klikka meg inn på desse fire FFP- og fire HMP-sidene, såg eg at det var ein forskjell i informasjonmengda dei tilbyr sjåarane sine.

Dei fire FFP-nettsidene innehaldt mykje meir informasjon om verksemda deira og om kva visjon dei hadde med sin type porno. Til dømes reklamerer *Frolicme* på si framside med at dei spesialiserer seg på erotiske pornovideoar og historiar for kvinner. På nettsida deira hadde også brukarar moglegheita til å handle sexleketøy. På denne nettsida kan ein også lese om

skaparen av *Frolicme*, som går under namnet Anna. Dersom ein klikkar seg inn på *About Me* på nettsida, kan ein lese om Anna sin visjon om å produsere erotiske pornovideoar og historiar for kvinner. Litt av den same type informasjon er tilgjengeleg på *Erotica X* si nettside. Dei reklamerer med at dei, som *Frolicme*, produserer pornovideoar for kvinner, samt at videoane deira inneheld mykje lidenskapelig sex. Generelt så inkluderte alle dei fire FFP-nettsidene informasjon om verksemda si, noko som ikkje var å finne på HMP-sidene.

Lust Cinema var den FFP-nettsida som hadde mest informasjon å tilby sine sjåarar. Her kunne ein lese om Erika Lust, den svenske gründeren bak sida, og kva sjåaropplevingar ho tilbyr gjennom sine pornovideoar. Nettsida inneheldt også ein del informasjon om korleis ho arbeida med og regisserte pornovideoar. På denne nettsida blir sjåarar i tillegg oppmuntra til å dele sine seksuelle lyster og fantasiar med andre medlemmer av nettsida. Ved å klikke seg inn på lenka *In the Media*, kan ein også lese om dei ulike omtalane som pornosida har fått i media. Der ligg ei liste over ulike omtaler av *Lust Cinema*, frå artiklar i vekeblad som amerikanske *Cosmopolitan* og italienske *Vogue*, til den amerikanske nettavisa *The Huffington Post* og norske *Dagbladet*.

På FFP-nettsida *Sssh* låg det også mykje informasjon tilgjengeleg om regissørane og gründerane sin visjon som produsentar av FFP og om kva type porno sjåarane kan forvente å finne på nettsida. På framsida ligg det ute eit sitat av den amerikanske gründeren bak *Sssh*, Angie Rowntree;

Here at Sssh.com we know what truly ignites the female senses. How do we know? Because we are women... We are women writing the articles, taking the photos, telling the stories and exploring the dept of female sexuality. Everything we share with you from our videos and photos to our novels and advice, we share from our own personal experience, satisfaction and sometimes, our dissatisfaction (sssh.com).

Under *In the Media* på denne nettsida finn ein blant anna eit intervju av Rowntree i *The Huffington Post* der ho fortel at ho og hennar medarbeidarar i *Sssh* veit kva porno kvinnelege sjåarar ynskjer å sjå, basert på ei rekke spørjeundersøkingar og feedback som dei har samla inn frå medlemmar av *Sssh*;

we have spent so much time and effort gathering feedback and conducting surveys of our members that we have a lot of data on what they're interested in, and what they'd like to see. In other words, I know I'm making porn that women like--or that the women who are Sssh members like, at least - because I'm really basing what I create on their

feedback (Gloudeman, 2014).

Sssh hevdar altså at dei produserer FFP fordi dei tar omsyn til sitt publikum, og prøver å tilpasse pornoen dei produserer etter feedback frå sine kvinnelege medlemmer. Dette er noko *Lust Cinema* også hevder at dei gjer. Ved å basere pornoen på kvinnelege sjåarar sin feedback vil dei slik produsere porno som er mest mogeleg kvinneorientert. Ein kan gjerne si at *Lust Cinema* og *Sssh* har ei slags vitskapeleg tilnærming til det dei produserer.

Når det gjalt HMP-sidene, hadde verken *Babes*, *Devil's Film*, *Hustler*, eller *21 Sextury Network* informasjon om til dømes regissørane sin visjon bak pornovideoane. På desse nettsidene var fokuset meir retta mot kva typar pornoskodespelarar dei hadde å tilby sine sjåarar og at medlemmane deira kunne vere med på å stemme fram dei beste skodespelarane igjennom ulike konkurransar.

Oppsummert kan en seie at den informasjonen som FFP-nettsidene tilbyr kan være motivert ut frå at produsentane trur det er viktig for det kvinnelege publikummet å få informasjon om kva type porno ein får sjå og kva visjonen bak pornoen er. Dette vil kanskje skape ei slags tryggleik for den kvinnelege sjåaren om at dette nettopp er porno som er retta mot kvinner og ikkje tradisjonell heteroseksuell porno med menn som hovudmålgruppe.

På dei tre FFP-sidene *Frolicme*, *Lust Cinema* og *Sssh* tilbyr ein også personinformasjon om dei som står bak sida, regissørane eller gründerane. På *Lust Cinema* si nettside kan ein lese om regissør Erika Lust; på *Frolicme* møter ein regissør Anna; og på *Sssh* sine nettsider kan ein lese om gründeren Angie Rowntree. Dette var ein type informasjon som ein ikkje fann på HMP-nettsidene. Tilnærminga med å presentere regissørane på ein slik personleg måte som ein gjer på tre av dei fire FFP-nettsidene, kan igjen vere eit verkemiddel for å skapa ein trygg atmosfære for dei kvinnelege sjåarane. Det at det er kvinner som står bak desse pornosidene, er med på å ufarleggjere dei. Eg kjem nærare inn på innhaldet på FFP- og HMP-nettsidene i den kvalitative innhaldsanalysen i kapittel 6.

4 FFP sin plass i pornofeltet

4.1 Opphavet til FFP

Pornokategorien FFP har oppstått som eit meir kvinneorientert alternativ for kvinnelege pornosjåarar som ikkje finn det dei leitar etter i HMP. Williams (1989, 232) hevdar at pornosjangeren *Couples* har hatt stor påverknad i utviklinga av meir kvinnevenleg porno og at

den har vore ein viktig bidragsytar til at kvinner etterkvart har blitt meir ein ettertrakta marknad for pornobransjen. Der HMP viser seksuell aktivitet på den mannlege parten sine premiss, legg *Couples* vekt på at den seksuelle aktiviteten skal skje på begge dei involverte sine premissar og med samtykke frå alle partar. Mesteparten av pornovideoane som ligg under kategorien *Couples* viser samleie eller anna seksuell aktivitet mellom par, som oftast mellom ein mannleg og ein kvinneleg karakter. Pornovideoane i *Couples*-kategorien kan vere regisserte videoar av profesjonelle pornoskodespelarar, eller det kan vere såkalla amatørvideoar laga av kjærastepar som dei vel å gjere offentleg på ei pornoside. *Couples* rettar seg mot par som ynskjer å sjå porno saman, gjerne for å sprite opp forholdet, og marknadsføringa er i hovudsak retta mot heteroseksuelle par.

Fordi det er ein mannleg og ein kvinneleg part i denne typen porno, betyr det at ein ikkje berre kan ta omsyn til kva den mannlege sjåaren ynskjer å sjå, men også må ta omsyn til kva som er interessant for den kvinnelege sjåaren. Williams (1989, 232-233) hevdar at *Couples*-sjangeren på mange måtar har vore kvinner sin inngang til pornoindustrien, og at pornobransjen slik har funnet seg ei ny målgruppe å skape profitt av. På same vis som kommersielle aktørar i alle bransjar, ynskjer aktørane i pornobransjen å oppnå økonomisk vinning og er i den hensikt alltid ute etter å utforske nye områder og marknader. Når kvinner entrar pornobransjen som konsumentar, ser bransjen på dette som ei moglegheit til å skapa meir profitt. Dei vil difor prøve å imøtekomme det kvinnelege publikummet sitt behov i denne marknaden.

Då pornobransjen på 1980-talet byrja sjå kvinner si auka interesse for pornografi, gjennomførte dei ei viktig endring i HMP-sjangeren. Denne endringa bestod i å legge meir vekt på kvalitet, både når det gjaldt sjølve innhaldet og skodespelarane og i høve til produksjonskvaliteten: "The improved qualities include higher production values, better lighting, fewer pimples on the bottom, better-looking male performers who now take off their shoes and socks, and female performers who leave on shoes and expensive-looking lingerie" (Williams, 1989, 232). Ved å gjere denne pornosjangeren meir attraktiv for eit kvinneleg publikum ville dei altså "corner the couples market" (Williams, 1989, 232).

Williams (1989) meiner at erfaringa med sjangeren *Couples* har ført til at pornobransjen etterkvart har skjont at det kvinnelege publikummet har andre lystar og fantasiar enn menn, og har tatt utfordringa ved å prøve å hjelpe dei ulike kvinnelege sjåarane å oppnå det dei ynskjer, samtidig som dei tener på å satse på nye konsumentar.

HMP-sjangeren slik han er i dag har, som nemnd over, vore gjennom endringar for å bli meir kvinneorientert, men er tydelegevis ikkje blitt kvinnevennleg nok, sidan ein seinare har

oppretta ein eigen FFP-sjanger. Framveksta av FFP kan også ha samanheng med framveksta av økonomisk levedyktige nisjemarknader som ein har fått etter gjennombrøtet til internett; altså at ein gradvis har bevega seg vekk frå kun å fokusere på mainstream-produktar til å etablere meir nisjebaserte marknader.

Sjølv om FFP har røter heilt tilbake til 1980-talet, er det overraskande få studiar om porno retta mot heteroseksuelle kvinner. I boka *Porno? Chic!* (2013) belyser McNair dette temaet. Han skriv at det stereotypiske synet ein gjerne har i samfunnet på den mannlege og den kvinnelege seksualiteten, atterspeglar seg i pornoen. I følgje McNair (2013) kan forskjellen mellom HMP og FFP komme av at ein ofte ser på den kvinnelege og mannlege seksualiteten som forskjellige (McNair, 2013, 18). Han hevdar at FFP difor gjerne har ei anna stemning enn det ein finn i HMP. Ein nyttar seg gjerne av levande lys og eit mjukare kamerafokus for å skapa ei varm og triveleg stemning, i staden for å til dømes fokusere på nærbileta av sjølve seksualakta: "Porn made for women has traditionally been viewed as distinct from heterosexual male porn in that it places greater emphasis on the sexual surroundings of the sex act, as opposed to explicit images of sexual penetration and so on" (McNair, 2013, 18). Det at porno retta mot kvinner ofte blir sett på som meir soft enn HMP er ikkje noko nytt, og McNair beskriv her den vanlege oppfatninga eller stereotypiske haldninga folk gjerne har til FFP. McNair (2013) sine tankar rundt porno for kvinner vil vere interessante å sette opp mot resultatata av den kvantitative og kvalitative innhaldsanalysen av FFP-materialet eg analyserer her.

McNair (2013) tar også opp korleis det kvinnelege synet på porno gradvis har forandra seg over tid. Porno som er retta mot heteroseksuelle menn har ofte blitt sett på som kvinnediskriminerande og som ein arena der menn dominerer, både på produksjons- og konsumenttida. Etterkvart som kvinner har fått meir makt i samfunnet, har dei også byrja prøve seg ut på nye arenaer, som til dømes pornoindustrien;

Yes, women are part of the pornography industry now more at any other time in history – and not just as performers or consumers either. Women are gaining power and asserting their influences in the adult entertainment industry as directors, producers, and distributors (Ikard, 2010, sitert i McNair, 2013, 107).

Vidare i boka hevdar McNair (2013) at det aukande talet på kvinnelege aktørar innan pornobransjen også har vore med på å forandra kvinner sitt syn på porno. Sterke og synlege kvinnelege aktørar som er involvert i pornoindustrien som til dømes regissør og produsent, har også vore med å prege kvinner sine oppfatningar og haldningar til porno. Når kvinner

engasjerer seg i den produksjonsmessige biten i pornoindustrien, blir påstandane om bransjen som mannsdominert svekka. I tillegg til kvinners engasjement i produksjonsfasa, har også kvinners syn på kvinnelege pornoskodespelarar forandra seg. Tidlegare vekte gjerne dei kvinnelege pornoskodespelarar skamkjensle; dette var personar som blei misbrukt og utnytta av ein kynisk industri. Men nye kvinnelege pornoskodespelarar som til dømes amerikanske Sasha Grey har vist at ein kan vere feminist med eigne meiningar og likevel arbeide som pornoskodespelar. Grey meiner hennar jobb er med på å belyse ulike seksuelle problem og gråsoner som det trengs debatt rundt. Grey hevdar også at hennar arbeid som kvinneleg pornoskodespelar er med på å frigjere seksuelt undertrykte kvinner, ved at ho utforskar ulike seksuelle aktivitetar for dei; ”In fact, I am content; it gives me opportunity to shed light on the darker areas of sex and validate the insecurities of sexually repressed women. The days of victimised, disturbed porn stars are fading away. I am the new breed” (Grey, sitert i *New York Post*, 2009, sitert i McNair, 2013, 107).

Sjølv om fleire kvinnelege aktørar i pornobransjen og tilgangen på internett har vore med på å gradvis forandra kvinner sitt syn på porno, var det først og fremst dei feministiske rørsle som la grunnlaget for FFP (Taormino mfl., 2013, 10). FFP har sitt opphav frå 1980-talet i USA, då amerikanske feministar debatterte heftig rundt representasjonen av seksualitet i samfunnet. Pornografi var på den tida det temaet det blei mest debatt om, og mange feministiske grupperingar var splitta i synet på pornografi. Den dominerande haldninga var at porno var skadeleg og helst burde vore forbode (Taormino mfl., 2013, 10). Samtidig som mange anti-porno-feministar debatterte for både sensur og forbod, vaks det fram ei såkalla sex-positiv feministisk gruppering som bestod av radikale aktivistar og folk som arbeida i erotiske butikkar og sex-shops, som saman bygde grunnlaget for den feministiske pornorørsla. Denne rørsla såg på sensuren og pornoforbodet som anti-porno-feministane argumenterte for som eit stort tilbakeslag frå tidligare feministar sin kamp for å styrke og frigjere kvinna (Taormino mfl., 2013, 10).

Ulike feministiske rørsler, det aukande talet på kvinnelege aktørar i bransjen, samt den stadige veksande tilgangen på internett er alle faktorar som har vore med på å forandra kvinner sitt syn på porno. Men pornobransjen har også sjølv gradvis opna dørene for kvinner, først som konsumentar og seinare óg som produserande aktørar fordi kvinner etterkvart vart sett på som eit attraktivt marknadssegment, og bransjen hadde difor kommersiell interesse av å gjere pornoen meir kvinnevennleg (Williams, 1989, 232).

4.2 Kvinner i bransjen om kva som kjenneteiknar FFP

I boka *The Feminist Porn Book – The Politics of Producing Pleasure* (Taormino mfl., 2013) skriv kvinnelege pornostjerner og pornoregissørar om sine opplevingar og erfaringar ved å arbeide i pornobransjen, samt erfaringa ved det å produsere FFP. I introduksjonen til boka kan ein lese om korleis kvinner gradvis har byrja å involvere seg meir i porno, blant anna ved å regissere porno for kvinner. Ein av bidragsytarane i boka, den australske regissøren Louise Lush, skriv (under pseudonymet Ms. Naughty) at hovudgrunnen til at ho byrja regissere porno for kvinner var at ho syntes det var ein mangel på god porno for denne gruppa; ”The thing was, I liked porn but I really didn’t like how most of it was marketed. I hated the way it ignored me as a viewer. It was always aimed at men and spoke only to them” (Naughty/Lush, 2013, 71). Lush skriv at pornoen ho såg på ofte fokuserte på den mannlege tilfredsstillinga og det mannlege begjæret, og at kvinna ofte blei behandla som eit objekt som sjeldan eller aldri tok initiativ i sexakta. Lush syntes også at dei mannlege pornoskodespelarane sjeldan var spesielt attraktive, og at det var mangel på både romantikk og forspel i pornovideoane; ”Put simply, I liked porn but I also didn’t like it – a reaction that I knew other women experienced as well. I wanted to change that. I wanted to make porn better, I still do” (Naughty/Lush, 2013, 71). Lush byrja først med å skapa si eiga pornoside som inneheldt erotiske bilete av menn og kvinner, samt bilete av menn og kvinner som hadde sex, før ho seinare byrja regissere pornofilmar. Ho skriv at ”My definition of good porn for women involves depictions of sex where the woman’s pleasure is paramount. It has to be about HER experience of sex, HER pleasure, and HER orgasm. Everything else is really just window dressing” (Naughty/Lush, 2013, 74).

Lush poengterer at ho opererer med termen ”porno for kvinner”, men at ho har møtt motbør og kritikk for bruken av denne termen. Ho er klar over at nokre syntes det kan vere vanskeleg å kalle kvinneorientert porno for porno for kvinner, då det kan gje uttrykk for at det berre finnest ein type porno for kvinner; ”Porn for women is a problematic phrase because it’s so broad and implies that there is one form for porn that appeals to all women” (Naughty/Lush, 2013, 74). Lush er altså klar på at kvinner si smak og deira preferansar innan porno er like variable og forskjellige som hos mannlege pornosjåarar. Andre kan ha imot termen fordi dei oppfattar han som eit synonym for mjukporno; ”Plenty have concluded that it only equals soft romantic porn and they find this objectionable because – for them, at least – it embodies the presumption that women are too weak to handle the hard stuff” (Naughty/Lush, 2013, 72). Til tross for denne kritikken, vel Lush å operere med ”porno for kvinner”. Dette er mest

av praktiske grunnar: ho meiner uttrykket gjer det enklare for kvinner å google seg fram til porno som er meir kvinnevenleg enn HMP (Naughty/Lush, 2013, 77).

Nyleg avlidne Candida Royalle (september 2015) presenterer også si historie i *The Feminist Porn Book*. Royalle var aktiv som pornoskodespelar i USA i perioden i åra 1975 til 1980. I 1984 starta ho og ei venninne opp selskapet Femme Productions i den hensikt å produsere porno for kvinner. Igjennom si karriere innan pornobransjen gjorde Royalle seg mykje erfaring med det som ho ser som ein mannsdominert pornoindustri (Royalle, 2013). Ho ville av den grunn skapa porno som var retta mot kvinner; ”I also began to feel a desire to give something back to women after performing in male-identified porn that left women out. So why not create adult films that deliver useful information about sex and that represent women’s desire?” (Royalle, 2013, 63). Royalle sitt syn var at etter at kvinnebevegelsen hadde bana veg for kvinna seksuelle frigjering, kjende kvinner seg klare til å utforske sin eigen seksualitet. Mange kvinner var nysgjerrige på porno, men dei var ikkje komfortable med det dei fekk sjå eller delte ikkje dei seksuelle fantasiane som utspela seg i HMP (Royalle, 2013, 63).

Erika Lust si bok *Good Porn* av frå 2010 tek også for seg opphavet til FFP og Lust si erfaring som produsent av denne typen porno. Lust seier i boka at i byrjinga var ikkje kvinneorienterte pornovideoar ein eigen sjanger, men blei ofte kategorisert som ‘*erotica for couples*’ (2010, 106). Dei første kvinneorienterte pornovideoane fokuserte heller ikkje så mykje på kvinner og deira seksuelle lystar, men var ofte ein type porno som retta seg mot kjærastar og par som kunne sjå videoane saman for å sprite opp samlivet. Desse pornovideoane sikta seg også inn på gjere det enklare for kvinner som av kulturelle eller personlege grunnar syntes det var vanskeleg å snakke om sine behov og lystar i senga. Videoane skulle altså fungere som eit slags opplæringsmateriale for kvinner i korleis dei skulle te seg i senga (Lust, 2010, 106). Lust (2010) hevdar det er denne typen porno som flest heteroseksuelle menn ser på og som i dag blir kategorisert som HMP. Ho meiner at denne typen porno ofte har ein del karakteristiske kjenneteikn som gjer den lett å identifisere. Eit slikt typisk kjenneteikn er pornoskodespelarane. HMP har ofte det som Lust (2010) beskriv som muskulære, virile og velutstyrte mannlege skodespelarar som protagonist, altså hovudkarakter, i videoen. Dei kvinnelege skodespelarane blir i denne typen porno ofte framstilt som biseksuelle, og har gjerne tynn kropp og silikonbryst (Lust, 2010, 101).

Lust (2010) drar fram Candida Royalle som ein av pionerane innan porno for kvinner og som ein viktig bidragsytar til opphavet til denne typen porno. Royalle gjorde ulike stilistiske og

innholdsmessige grep i sine pornovideoar for å gjere dei meir kvinnevenlege. For det første hadde alltid hennar videoar, i motsetning til HMP, ein kvinneleg protagonist. I tillegg la Royalle vekt på at den kvinnelege protagonisten skulle ha ei utdanning og ein jobb; ”There are no Lolitas being seduced by lustful professors, and no housewives jumping into bed with the plumber” (Lust, 2010, 107). Royalle ville at skodespelarane skulle ha så naturleg utsjåande som mogeleg for å gje videoane eit meir naturleg særpreg enn den unaturlege estetikken som Royalle meinte ein ofte finn i HMP. Dei kvinnelege skodespelarane i Royalle sine filmar er typisk utan silikonimplantat; dersom skodespelaren har silikon, skal dette sjå naturleg ut. Dei mannlege skodespelarane i Royalle sine videoar skulle fortsatt vere attraktive, men ha betre manerar og vere meir høflege. Dei skulle ikkje kommandere eller dominere den kvinnelege skodespelaren. Royalle var også nøye på at hennar videoar skulle ha ei handling og ein dialog. Visjonen hennar med FFP var altså å skapa ei kvinnevenleg atmosfære der den kvinnelege nytinga og fantasien var i fokus (Lust, 2010, 107).

Lust (2010) vil gjerne gjere pornoen meir stoverein og meir tilgjengeleg for kvinner, men målet er ikkje nødvendigvis å ekskludere mannlege sjåarar. Ho delar den saman erfaringa som Lush og Royalle når det kjem til HMP. Som dei meiner Lust (2010) at fordi HMP oftast er regissert av heteroseksuelle menn, vil denne typen porno alltid vise heteroseksuell menn sine seksuelle lystar og fantasiar, noko som dei kvinnelege sjåarane ikkje nødvendigvis vil kjenne seg igjen i. I tillegg delar Lust (2010) syn med Lush og Royalle på korleis den typiske kvinnelege karakteren i HMP fungerer; ho er alltid kåt og klar for action, og alltid på mannen sine premisser. Fokuset i pornovideoane for menn er også alltid på den mannlege nytinga, og kamera er ofte retta mot den kvinnelege kroppen som eit objekt. Dette fokuset på den mannlege fantasien i HMP kan gjere det vanskeleg for kvinner å engasjere seg, fordi dei ikkje kan relatere seg til dei ulike situasjonane og hendingane som utspelar seg i videoen.

Lust (2010) beskriv også kjenneteikn hos dei kvinnelege karakterane i dei to forskjellige pornokategoriane. I FFP er det den kvinnelege karakteren som først og fremst er protagonisten, og ikkje den mannlege, slik som ofte er tilfellet i HMP. Den kvinnelege karakteren i FFP er i tillegg ei typisk moderne kvinne som har ei karriere og som er seksuelt frigjort. Dette står i motsetnad til den kvinnelege karakteren i HMP som ofte er ei blond nymfoman, ofte framstilt som ei lesbisk kvinne som inst inne lengtar etter mannleg kontakt, og som gjerne blir tildelt rolla som hemmeleg agent eller leigemordar (Lust, 2010, 19). Vidare skriv Lust (2010) at det også er forskjell på den kvinnelege karakteren sine verdiar og meiningar, og på kostymet hennar i HMP og i FFP. Som nemnd over, hevdar Lust (2010) at

dei kvinnelege karakterane i HMP alltid er klar for seksuell aktivitet; ”*Girls are always in the mood; deep down, women enjoy rape*” (Lust, 2010, 19), medan dei kvinnelege karakterane i FFP meiner at sex må vere samtykka og noko som ein må gjere seg fortent til (Lust, 2010, 19).

Lust (2010) kjem også med ulike anbefalingar av pornovideoar som ho karakteriserer som god porno for kvinner. Royalle sin pornovideo *Eyes of Desire* frå 1998 vert trekt fram som ein av dei første pornofilmane som verkeleg var laga for eit heteroseksuelt kvinneleg publikum. Filmen handlar om den fiktive kvinneleg fotografen Lisa, som låner seg ei hytte på fjellet for å komme seg vekk frå eit dårleg forhold. I hytta står det eit teleskop som Lisa byrjar å bruke. Ein dag får ho auge på ein mann igjennom teleskopet. Lisa liker det ho ser og byrjar i all hemmelegheit å kike på mannen over ein lengre periode. Det viser seg etterkvart at mannen også har eit teleskop som han betraktar Lisa med. Forholdet mellom Lisa og den ukjende mannen utviklar seg frå å betrakta kvarandre på avstand til ein siste scene med ei heit sexakt mellom Lisa og mannen, der begge får orgasme samtidig og der det blir utveksla ømme og kjærlige ord (Lust, 2010, 187-189). Lust (2010) hevdar at denne pornovideoen inneheld ein del av kjenneteikna som mange meiner karakteriserer FFP. Filmen har ein kvinneleg protagonist, og den kvinnelege karakteren si utdanning og yrke som fotograf er lagt vekt på i videoen. I tillegg er det den kvinnelege karakteren sine seksuelle lystar som er i fokus. Ho tar initiativ til sex, er aktiv i sexakta og den seksuelle aktiviteten skjer på baa dei involverte sine premissar (Lust, 2010, 187-189). Eit anna viktig punkt er at sexakta ikkje ender i det den mannlege skodespelaren får orgasme, noko som Lust (2010) meiner er typisk for heteroseksuell mannleg porno. I FFP er det lagt vekt på den kvinneleg nytinga, og sexakta ender ofte med at begge partar oppnår orgasme, etterfølgt av kjærteikn og kos. *Eyes of Desire* følgjer altså denne oppskrifta.

Lust (2010) anbefaler også sin eigen pornovideo *Five Hot Stories for Her* frå 2007 som eit godt alternativ for kvinner som er på leiting etter porno som er retta mot dei. Denne videoen har vunne fleire prisar for både beste film og beste manus, blant anna The Feminist Porn Awards i Toronto i 2008 og Erotic E-line Awards i Berlin i 2007 (Lust, 2010, 209-210). *Five Hot Stories for Her* er ein lengre film samansett av fem kortfilm med ulik handling og setting. Lust (2010) beskriv sjølv filmen som ein moderne og urban pornofilm. Ho skriv at ho hadde eit mål når ho regisserte filmen, nemlig å skapa den typen porno som kvinner (og kanskje menn) leitar etter på nett, men som gjerne ikkje er mogeleg å oppdrive; ”a sexually explicit film for women, couples, or men who wanted more from porn than a succession of

medical shots, a film for people who wanted porn that had a sense of humor, porn with elegance, style, and respect for female characters” (Lust, 2010, 209-210). Blant dei fem kortfilmene i *Five Hot Stories for Her* finn ein *FuckYouCarlos.com* som handlar om karakteren Sonia og hennar måte å hemne seg på kjærasten Carlos, som har vore utru over ein lengre periode. Hemnen består i at Sonia filmar ein trekantsex-episode med ho sjølv og to av Carlos sine bestevenner; filmen blir så lagt ut på nettet. Kortfilmen *Married with Children* handlar om karakterane Frank og Rita og deira sexliv som sakte men sikkert har forsvunne ein plass mellom barn og ein hektisk kvardag. Sjøarane får vere med Frank og Rita, som prøver å finne gløden på soverommet igjen ved hjelp av mykje eksperimentering (Lust, 2010, 210). Mykje av det ein finn ved karakterane og tonen i *Eyes for Desire* finn ein også i *Five Hot Stories for Her*; situasjonane er henta frå dagliglivet, ein legg vekt på karakterane sitt kjensleliv, spesielt hos dei kvinnelege karakterane, og det blir fokusert mest på den kvinnelege nyttinga.

4.3 Forholdet mellom FFP, Feminist porn og Erotica

FFP, *Feminist porn* og *Erotica* er tre pornokategoriar som gjev inntrykk av å vere ganske like. Oppfatninga mi var lenge at FFP og *Feminist porn* berre var forskjellige merkelappar på det som eigentleg var ein og same sjanger. Grunnen til det var at det er ein del likskapar mellom dei, både når det kjem til produksjonsforhold og innhaldselement, og i nokre tilfeller overlappar desse tre kategoriane kvarandre. Til dømes så tek *Feminist porn* høgde for at sjøarane kan ha ulike preferansar og ynskjer; ”It does not assume a singular female viewer, but acknowledges multiple female (and other) viewers with many different preferences” (Taormino mfl., 2013, 10). Dette er noko FFP også er oppteken av. Likt for begge er altså at ein anerkjenner at det ikkje finst eit homogent kvinneleg publikum, og at ein difor må prøve å produsere eit variert materiale som kan treffe ei større gruppe. Men der FFP i hovudsak fokuserer på å skapa porno for eit heteroseksuelt kvinneleg publikum, fokuserer *Feminist porn* på ulike såkalla minoritetar innan porno;

Feminist porn creates alternative images and develops its own aesthetics and iconography to expand established sexual norms and discourses. It evolved out of and incorporates elements from the genres of porn for women, couples porn, and lesbian porn as well as feminist photography (Taormino mfl., 2013, 10).

Dette sitatet viser at *Feminist porn* har vokse fram frå FFP og bruker ulike element frå denne sjangeren, men at den også inkluderer element frå *Couples*-porno og lesbisk porno. Der FFP i

hovudsak er porno skapa av kvinner for å tilfredsstille eit heteroseksuelt kvinneleg publikum, har *Feminist porn* som mål å representere eit heilt spekter av seksuelle preferansar og legningar. Hovudskilnaden mellom FFP og *Feminist porn* er altså i hovudsak målgruppene som dei to ulike pornosjangrane rettar seg mot.

Erotica er ein annan sjanger som kan forvekslast med FFP. For somme er *Erotica* eit uttrykk for porno som er retta mot eit kvinneleg publikum. Som med FFP og *Feminist porn*, har FFP og *Erotica* også ein del innhaldsmessige fellestrekk som gjer at dei to overlappar kvarandre på visse punkt. Blant anna har feministar lenge nytta seg av termen *erotica* som eit alternativ uttrykk for kvinneorientert porno; ”*Erotica* is a term frequently opposed to pornography, often by antipornography feminists to contrast a tame and tasteful female pleasure to a more gross and violent porn” (Williams, 2004, 274). Grunnen til at *Erotica* blir sett på som ein kvinneorientert sjanger er fordi ein gjerne forbinder den med erotisk litteratur som skildrar kjensler og ømheit, noko som blir sett på som feminine kvaliteter. Når det kjem til fellestrekk mellom FFP og *Erotica*, så handlar til dømes *Erotica* om meir enn berre sex; ”*erotica* is about more than sexual acts and arousal and it involves the inner lives of characters” (Attwood, 2010, 143-144). Tilliks med *Erotica* er også kjenslelivet til karakterane noko FFP inkluderer. I tillegg legg ein i begge sjangrar vekt på forføringa og nytinga til karakterane. Medieforskar Susanna Paasonen prøver i eit kapittel i boka *Porn.com* (Attwood, 2010) å beskrive forskjellen mellom porno og *Erotica*. Paasonen meiner at formålet til porno er å tenne det seksuelle begjæret hos sjåarane, medan *Erotica* i større grad legg vekt på sjølve handlinga og karakterutvikling (Paasonen, 2010, i Attwood, 2010, 143-144). Det vil seie at formålet til FFP, som i hovudsak er hardporno, er å tenne sjåarane ved å vise seksuell aktivitet, medan formålet med *Erotica* er å tilby sjåarane ei genuin handling med karakterutvikling. Ei slik karakterutvikling finn ein i følge Paasonen typisk ikkje i porno. I begge sjangrar legg ein vekt på kjenslelivet til karakterane, men FFP er i hovudsak porno, som må vise seksuell omgang mellom deltakarane. Det er altså dei ulike formåla til dei to sjangrane som gjer at dei skil seg frå kvarandre.

5 Den kvantitative innhaldsanalysen

I dette kapittelet skal eg legge fram og utdjupa resultata eg fekk igjennom den kvantitative innhaldsanalysen som er beskriven i kapittel 2. Eg startar i 5.1 med å presentere resultata for FFP-videoane i tabellform. Så gjer eg det same med HMP-videoane i 5.2. Deretter går eg

nærare inn på variablane og kva dei viser (5.3). Som nemnd i kapittel 2, er dei fire variablane eg nytter i den kvantitative analysen *sexstillingar* (tala på stillingar som blei nytta i kvar pornovideo), *tal på deltakarar* (kor mange skodespelarar det er i kvar video), *kjønnsfordeling* (M: mann og K: kvinne) og *kjønn på protagonist* (M: mannleg og K: kvinneleg; M/K betyr at det var både ein mannleg og kvinneleg protagonist). Med protagonist så meiner eg hovudrolla i pornovideoen. Det at ein video har både ein kvinneleg og mannlege protagonist inneber at begge i lik grad har hovudrolla i handlinga.

5.1 FFP-videoane

Tabell 3

Pornovideoar	Sexstillingar	Tal på deltakarar	Kjønnsfordeling	Kjønn på protagonist
<i>Anna's Secret</i>	3	2	1 M, 1 K	M/K
<i>A Touch of Romance</i>	3	2	1 M, 1 K	M
<i>Ever After</i>	2	2	1 M, 1 K	M/K
<i>Role Play</i>	2	2	1 M, 1 K	M
<i>Lush</i>	2	2	1 M, 1 K	K
<i>Five Star Hotel</i>	3	2	1 M, 1 K	M
<i>Taste, 5th Dessert</i>	2	2	1 M, 1 K	K
<i>Taste 1 Course Bruschetta</i>	2	2	1 M, 1 K	M/K
<i>Waltz With Me</i>	1	2	1 M, 1 K	M/K
<i>Midnight Dinner</i>	2	2	1 M, 1 K	K
<i>Voyeur</i>	2	3	1 M, 2 K	K
<i>Opposite Pleasure</i>	3	2	1 M, 1 K	K
<i>Returned</i>	2	2	1 M, 1 K	K
<i>Drive Me Crazy</i>	3	2	1 M, 1 K	M/K
<i>Sir</i>	2	2	1 M, 1 K	K

<i>The Art of Spanking</i>	3	2	1 M, 1 K	M
<i>A Feminist Man</i>	5	2	1 M, 1 K	K
<i>Take Me Drunk</i>	3	2	1 M, 1 K	M/K
<i>Mad Men Porn</i>	3	2	1 M, 1 K	K
<i>The Couch Surfer</i>	3	2	1 M, 1 K	K

5.2 HMP-videoane

Tabell 4

Pornovideoar	Sexstillingar	Tal på deltakarar	Kjønnsfordeling	Kjønn på protagonist
<i>Busty Beauties</i>	5	2	1 M, 1 K	M
<i>Big Titty Milfs #18</i>	7	2	1 M, 1 K	M
<i>Big Titty Milfs #18</i>	7	2	1 M, 1 K	M
<i>Big Titty Milfs #21</i>	6	2	1 M, 1 K	M
<i>Milf Trainer</i>	5	2	1 M, 1 K	M
<i>Busty Breast Exam</i>	5	2	1 M, 1 K	K
<i>Double View Casting</i>	3	2	1 M, 1 K	M
<i>Graduating Summa 'Cum Load</i>	4	2	1 M, 1 K	K
<i>Madison Ivy 1</i>	4	2	1 M, 1 K	K
<i>Hot Mama</i>	2	2	1 M, 1 K	M
<i>Raven Takes It</i>	4	2	1 M, 1 K	M

<i>Naughty School Girl</i>	4	3	2 M, 1 K	M
<i>Irresistible</i>	4	2	1 M, 1 K	M
<i>Jordan Ash</i>	2	2	1 M, 1 K	M
<i>Married Milf</i>	6	3	2 M, 1 K	M
<i>Candy Cat</i>	2	3	2 M, 1 K	M
<i>Blow Bang</i>	1	4	3 M, 1 K	K
<i>Madison Ivy 2</i>	6	2	1 M, 1 K	K
<i>Dorcel's Naughty School Girl</i>	4	2	1 M, 1 K	M
<i>Crazy Fuck</i>	4	3	1 M, 2 K	M

5.3 Utdjuping av variablane og resultata frå den kvantitative analysen

Sexstillingar

Med *sexstillingar* refererer eg til dei ulike posisjonane der penetrasjon av kjønnsdelar førekom. Ein ser i Tabell 3 at ein i FFP varierer frå 1 til 5 sexstillingar, medan ein i HMP varierer frå 1 til 7 sexstillingar. Gjennomsnittet på sexstillingar i FFP er 2,55 på 20 videoar, medan gjennomsnittet på sexstillingar i HMP er 4,25. Ein har altså nytta seg av i gjennomsnitt 1,7 fleire sexstillingar i HMP-videoane enn i FFP-videoane.

Det også skilnader i kva sexstillingar ein nyttar i dei to pornosjangrane. I FFP-materialet var det misjonærstillinga og cowgirl som blei hyppigast brukt. Cowgirl er ei sexstilling der kvinna sit oppå mannen, som ligg på rygg. I HMP-materialet varierte ein som allereie nemnd mellom fleire sexstillingar enn i FFP, men det var sexstillingane reverse cowgirl og doggystyle som blei nytta hyppigast. Doggystyle er ein sexstilling der kvinna blir penetrert vaginalt bak frå medan ho står på alle fire. Den tradisjonelle misjonærstillinga, som var oftast brukt i FFP-materialet, blei ikkje nytta i HMP-materialet i det heile. Analpenetrasjon av den kvinnelege skodespelaren blei berre nytta i 1 av dei 20 HMP-videoane. Dette var ein sexstilling som ikkje førekom i nokon av FFP-videoane. Den ulike bruken av sexstillingar kjem eg tilbake til i kapittel 6.

Deltakarar

Med deltakarar refererer eg både til alle dei skodespelarane som er fysisk med på den seksuelle aktiviteten i videoen, og til andre personer som på ein eller anna måte er essensielle for handlinga. Dette er skodespelarar/personar som til dømes fungerer som tilskodarar til sexakta. I FFP-videoen *Voyeur* er det ein tredje kvinneleg skodespelar med som ikkje er fysisk involvert i sjølve sexakta, men som likevel er essensiell for videoen, fordi ho gjev handlinga eit voyeuristisk preg. Eit anna tilfelle av slik handlings-essensiell deltaking finn me i HMP-videoen *Married Milf*, der kameramannen ikkje er fysisk med i sexakta, men som innimellom kommenterer det som skjer framfor kamera, samt i blant lener kamera nedover sin eigen kropp, slik at sjåarane skal sjå at han tar på seg sjølv medan dei to skodespelarane har sex.

Som Tabell 3 viser, hadde 19 av de 20 FFP-videoane 2 deltakarar. Kun videoen *Voyeur* hadde 3 deltakarar, der 2 var kvinner og 1 var mann. I dei resterande FFP-videoane var det 1 kvinneleg og 1 mannleg deltakar.

Som Tabell 4 viser, hadde 15 av dei 20 HMP-videoane 2 deltakarar, medan 4 videoar hadde 3 deltakarar. I *Candy Cat*, *Married Milf* og *Naughty School Girl* var det 1 kvinneleg deltakar og 2 mannlege, medan *Crazy Fuck* hadde 2 kvinnelege deltakarar og 1 mannleg. Ein video, *Blow Bang*, hadde 4 deltakarar, 1 kvinne og 3 menn.

Desse tala gjev eit gjennomsnitt på 2,4 deltakarar i HMP-videoane, medan gjennomsnittet på deltakarar i FFP-videoane var 2,05.

Skodespelarar som ikkje viser andletet i pornovideoane, har eg telt med i den kvantitative innhaldsanalysen når dei var essensielle for handlinga i videoane. Dette er til dømes tilfellet i HMP-videoane *Double View Casting*, *Busty Breast Exam* og *Blow Bang*. Både *Double View Casting* og *Busty Breast Exam* blir filma frå det som blir kalla for POV, ein point-of-view-vinkel. Det betyr at ein skodespelar held kamera og filmar frå sin vinkel, og sjåarane får sjå sexakta frå hans eller hennar POV. I både *Double View Casting* og *Busty Breast Exam* vert det filma frå den mannlege skodespelaren sin POV, noko som gjer at ein ikkje ser andletet til dei to deltakarane, men berre resten av kroppen, inkludert kjønnsdelar. Desse deltakarane er også talt med fordi dei var fysisk involvert i sexakta ved penetrasjon. I HMP-videoen *Blow Bang* er det 3 mannlege og 1 kvinneleg skodespelar. Andletet til dei 3 mannlege skodespelarane er ikkje med i videoen. Videoen fokuserer på den kvinnelege skodespelaren som sitter på kne på golvet, og gjev oralsex til dei tre mannlege skodespelarane som står rundt ho i ein sirkel. Det er den kvinnelege skodespelaren sin kropp som er i fokus, og kamera er vendt nedover mot ho, og ein får difor ikkje sjå dei mannlege skodespelarane sitt andlet. Dei er likevel klart

essensielle for handlinga, og er difor talt med som deltakarar i Tabell 4.

Kjønnsfordeling

Ein ser i Tabell 3 at kjønnsfordelinga i FFP-videoane i stor grad er jamn mellom kvinne og mann. I 19 av videoane er det 2 deltakarar, der kjønnsfordelinga er 50% mann og 50% kvinne. Det einaste unntaket er videoen *Voyeur*, der det er 2 kvinnelege skodespelarar og 1 mannleg. Dette gjev ein marginal overvekt av kvinner i FFP-videoane, 21 kvinner mot 20 menn. I Tabell 4 ser ein at kjønnsfordelinga i 15 av dei 20 HMP-videoane er likt fordelt mellom mann og kvinne. Dei 5 unntaka til dette er *Blow Bang*, *Crazy Fuck*, *Naughty School Girl*, *Candy Cat*, og *Married Milf*, der det var fleire deltakarar med. I den førstnemnte videoen var det 1 kvinneleg og 3 mannlege skodespelarar. I *Naughty School Girl*, *Candy Cat* og *Married Milf* var det 1 kvinneleg og to mannlege skodespelarar, medan *Crazy Fuck* hadde 2 kvinnelege skodespelarar og 1 mannleg. HMP-videoane hadde totalt 21 kvinner og 25 menn. Det var altså nokre fleire mannlege skodespelarar i HMP-materialet enn i FFP-materialet, medan talet på kvinner var likt.

Kjønn på protagonist

Store norske leksikon (snl.no) definerer protagonist som skodespelaren som har hovudrolla. Protagonisten i ein film er gjerne han eller ho som driv handlinga framover. Med protagonist så refererer eg til hovudpersonen i pornovideoane. Det er ikkje alltid samanfall mellom protagonist og kven av skodespelarane sin orgasme og kropp som er i fokus. Grunnen til dette er til dømes at i HMP-videoane fokuserer gjerne kamera på den kvinnelege skodespelaren, mens det likevel er den mannlege skodespelaren som er protagonisten i videoen. Akkurat kven kamera fokuserer på kjem eg tilbake til i den kvalitative inhaldsanalysen i kapittel 6. I Tabell 3 ser ein at det i 10 av dei 20 FFP-videoane var kvinnelege protagonist, medan det var mannleg protagonist i 4 av desse videoane. I 6 videoar var det både mannleg og kvinneleg protagonist.

Tabell 4 syner at 15 av dei 20 HMP-videoane hadde mannleg protagonist, medan dei 5 restarande videoane hadde kvinneleg protagonist. Ingen av videoane hadde både mannleg og kvinneleg protagonist.

Det var altså fleire kvinnelege protagonistar i FFP- enn i HMP-materialet. Det var også ein skilnad i dei kvinnelege protagonistane sin oppførsel og framtoning, noko eg kjem nærare inn på i kapittel 6.2.1.

6 Den kvalitative innhaldsanalysen

I dette kapittelet preseterer og diskuterer eg resultatane frå den kvalitative innhaldsanalysen som er beskriven i kapittel 2. Denne delen av oppgåva representerer hovuddelen av arbeidet med problemstillinga og søker svar på: om *Female friendly porn* (FFP) har eit sett med kjenneteikn som er unike, eller kan ein også finne desse kjenneteikna i det materialet som vert klassifisert som heteroseksuell mannleg porno (HMP). Kva kjenneteikn eg skulle sjå etter, var ikkje klart då eg byrja å vurdere materialet mitt. Dei trekkane eg til slutt valde å ta med, kom fram etter at eg hadde sett gjennom alle videoane fleire gongar.

Eg startar med analysen av opphavsnettsidene som videoene eg hadde valt på samlenettsidene youporn.com og pornhub.com viste tilbake til (kapittel 6.1), før eg tar for meg analysen av sjølve videoane (6.2). Eg har etter beste evne prøvd å klassifisera de ulike aspekta eg har sett som interessante for problemstillinga. Dette skriv eg meir om i innleiinga til kapittel 6.2.

6.1 FFP- og HMP-nettsidene

FFP- og HMP- nettsidene har ulike måtar å appellere til sjåarane på. Design og måten dei reklamerer på viser ein tydeleg skilnad i kva for eit publikum dei rettar seg mot. Når ein til dømes klikkar seg inn på FFP-nettsida *Lust Cinema*, får ein ikkje straks inntrykk av dette er ei pornoside. Nettsida har eit eksklusivt design, med svart bakgrunn og ein kvit logo oppe i venstre hjørnet. Nedover på sida kan ein klikka på bilete av den filmen ein ynskjer å sjå. Oppe i høgre hjørnet på nettsida kan ein blant anna klikka seg inn på *About* og lese om *Lust Cinema*. På framsida kan ein lese kva *Lust Cinema* tilbyr sine sjåarar; “*Lust Cinema* was launched in 2010 to feature the work of these amazing directors and to provide a home for those seeking an alternative to mainstream porn: where the feminine viewpoint is vital, the aesthetic is a pleasure to all of the senses, and eroticism and innovation are celebrated”.

Ord som *feminin*, *nyting* og *erotikk* er her nytta for å få fram essensen i kva *Lust Cinema* sine pornovideoar inneheld. Nettsida *Frolicme* nyttar seg av omlag same type ord når dei vender seg til sitt publikum; “Explicit beautiful EROTIC FILMS, VIDEOS, sexual EROTIC STORIES & very naughty photographic collections, produced to give you beautiful arousing sexy erotica on your mobile, iPad or PC”. *Sssh* si side omtalar seg sjølv og sin porno som “A smart and sexy erotic destination for women, by women”, medan *Erotica X* reklamerer med at dei tilbyr sine sjåarar “Beautiful erotica porn for the passionate lover”. Ein ser at dei fire FFP-nettsidene bruker “mjuke” ord som *erotikk*, *vakker* og *sexy* for å beskrive kva type porno

dei har å tilby sjåarane sine.

Ordet *erotikk* er også noko som HMP-nettsida *Babes* nyttar for å skildra sitt innhald; ”*Babes.com features hot babes in HD Erotic videos*”. Elles brukar både *Babes* (sjå sitatet) og *21 Sextury Network* ordet *hot*; ”*The World’s Hottest Pornstars*”. Nettsidene *Devil’s Film* og *Hustler* nyttar seg ikkje av slike ord for å beskrive sitt innhald. Til dømes så nyttar *Devil’s Film* pornosjangrar på toppen av nettsida for å vise sjåarane kva type sjangrar dei har å tilby; ”*The Home of Gonzo, Teen, Milf, Gangbang and Tranny*”. *Hustler* har inga beskriving eller tekst tilgjengeleg på si nettside om kva dei tilbyr, men i høve Allehelgensaften den 31.10.2015 reklamerte dei med at ”*We’re giving you something to sink your fangs into this Halloween*”, og hadde eit tidavgrensa tilbod av videoar som var basert på denne tradisjonen.

Dei fire FFP-nettsidene nyttar seg av eit meir skildrande og deskriptivt språk for beskrive innhaldet. Ved å bruke frasar som ”*a destination for women, by women*”, og promotierende ord som ”*amazing directors*” og *innovasjon* får ein inntrykk av at FFP-nettsidene tilbyr publikummet ein eksklusiv arena for (smarte) kvinner laga av (dyktige) kvinner. Det dei tilbyr er ei form for erotisk, lidenskapelig og nyskapande porno. HMP-nettsidene, på si side, nyttar seg av ord som *babes*, *hot* og *pornstars*. Denne forskjellen i ordval ser ein også i titlane på dei ulike pornovideoane. I FFP har ein valt meir romantiske og sensuelle titlar som *Waltz With Me*, *Midnight Dinner*, *A Touch of Romance* og *Ever After*. Alle desse kunne vore titlar brukt på ikkje-pornografiske filmar. Dette står i klar kontrast til HMP-videoane sine meir vulgære titlar, som lite truleg ville kunne brukast utanfor pornosfæren; *Big Titty Milfs*, *Blow Bang*, *Crazy Fuck* og *Graduation Summa’Cum Load*. Oppsummert kan ein seie at både språket på nettsidene og i videotitlane som HMP nyttar seg av er meir vulgært og direkte enn det FFP nyttar seg av. FFP, på si side, nyttar seg av ”mjuke”, positive og feminine ord både i innhaldspresentasjon og titlar.

FFP-nettsidene, med eit mjukt og feminint ordval og utradisjonell nettsidedesign i pornosamanheng, marknadsfører seg altså på ein anna måte enn HMP-nettsidene, som er meir rett-på-sak i informasjonen om innhaldet, og som fokuserer på bilete av sine mest populære kvinnelege pornostjerner heller enn påkosta design. Skilnaden i nettsidene sin ”innpakning” kan skyldast økonomiske grunnar; kva budsjett ein har for å drive og forvalte nettsidene kan ha innverknad på design og marknadsføring. Det er sannsynlegvis ikkje tilfellet at HMP-selskapa har mindre pengar enn FFP-selskapa, sidan HMP er større på den tradisjonelle pornomarknaden, og antakeleg meir lukrativ også. Truleg er den ulike innpakninga heller motivert ut frå kva publikum dei to pornosjangrane rettar seg mot. FFP-nettsidene sin bruk av

feminine ord for å reklamere for innhaldet, samt det større omfanget av informasjon ein tilbyr publikummet søker å nå ut til, kan tolkast som deira måte å appellere til eit kvinneleg publikum på. Dei skapar ei atmosfære som står fram som kvinnevennleg i kontrast til rett-på-sak-vinkelen som dei tradisjonelle HMP-aktørane har valt.

FFP-nettsidene gjev også noko informasjon om kven som administrerer nettsida, eller kven som produserer pornoen. Denne informasjonen inkluderer ofte kva personen sin visjon med nettsida er og litt om personen si eiga seksuelle interesse. For 3 av dei 4 FFP-nettsidene var desse personane kvinner. Slik informasjon kan vere eit verkemiddel for å gjere pornoen mindre framand for eit kvinneleg publikum. Lust (2010) hevdar at ein av hennar visjonar bak *Lust Cinema* er å gjere FFP meir stoverein og tilgjengeleg for kvinnelege sjåarar. Fordi FFP er ein nyare kategori enn HMP, vil det å tilby potensielle sjåarar rikeleg med informasjon kunne skape meir kunnskap om denne typen porno. Dette vil i sin tur gjere det lettare for kvinner å finne fram til slikt materiale. Grunnen til ein ikkje finn så mykje informasjon om HMP og personane som står bak på deira nettsider, kan vere at slik porno lenge har vore mainstream og lett å oppdrive. På grunn av dette har det heteroseksuelle mannlege publikummet meir førehandskunnskap om kva dei kan forvente å sjå i denne typen porno, og det blir difor mindre nødvendig å spesifisere dette på HMP-nettsidene.

6.2 FFP- og HMP-videoane

Som nemnd allereie, har eg i den kvalitative analysen av videoane sett på ei rekke trekk ved materialet. Diskusjonen av desse er organisert i tre undergrupper: trekk ved skodespelarane/karakterane (6.2.1), trekk ved sexhandlinga (6.2.2) og produksjonsmessige element (6.2.3). Det har ikkje vore heilt enkelt å innpassa alle trekka i berre ei av desse gruppene. Det vil vere trekk som det også er mogeleg å plassere inn i ei annen gruppe. I mange høve er det nære bindingar mellom trekk, noko eg refererer til i diskusjonen av dei enkelte trekka.

6.2.1 Trekk ved skodespelarane/karakterane

Utsjåande og antrekk

Ein av dei største skilnadane i utsjåande var å finne hos dei kvinnelege skodespelarane. Generelt kan ein seie at dei kvinnelege skodespelarane i HMP-materialet var slanke med store bryst, mens dei var noko meir varierende i kroppsfasong i FFP. Talet på kvinnelege

skodespelarar som hadde silikonimplantat var større i HMP- enn i FFP-videoane. Av dei 20 HMP-videoane såg 18 av totalt 21 kvinnelege skodespelarar ut til å ha silikon i brysta. Det var altså berre 3 kvinnelege skodespelarar i HMP som såg ut til å ha naturlege bryst. I dei 20 FFP-videoane såg det derimot ut som berre 1 av dei totalt 21 kvinnelege skodespelarane hadde silikonimplantat. Det var også ein skilnad i fjerninga av kjønnsår hos skodespelarane. I HMP hadde ofte både den kvinnelege og mannlege skodespelaren barbert ein del, eller alt, kjønnsår vekk, medan skodespelarane i FFP i større grad hadde latt vere å fjerne hårvekstane rundt kjønnsdelane sine. Fjerning av brysthår hos dei mannlege skodespelarane var på si side oftare å sjå i FFP enn i HMP.

Bruken av andletssminke var meir tydeleg hos dei kvinnelege skodespelarane i HMP enn i FFP. Kvinnene i FFP-videoane var gjerne meir diskret og naturleg sminka. I 5 av dei 20 FFP-videoane vart det også brukt kvinnelege skodespelarar som hadde ein tilsynelatande meir kraftig fysikk. Dette var noko som eg ikkje observerte i HMP-materialet; her hadde alle dei kvinnelege skodespelarane ein relativt slank fysikk. Ei forklaring på bruken av kvinnelege skodespelarar med meir naturlege kroppar i FFP, kan vere at det er lettare for kvinnelege sjåarar å identifisere seg med karakterane når ein nyttar seg av skodespelarar med ulik fysikk. Det å tone ned sminka og i større grad vise kvinnelege skodespelarar med ulike kroppsfasongar kan gje sjåarane ei meir realistisk sjåaroppleving, samt skapa identifikasjonsmogelegheiter for dei. Lust (2010) hevdar at kvinnelege sjåarar ynskjer å sjå porno som viser realistiske og ekte kvinner (Lust, 2010, 29).

Oppsummert kan ein seie at den typen kvinneleg skodespelar som oftast blir nytta i HMP kan vere eit bidrag til at kvinnelege sjåarar distanserer seg frå denne typen porno, fordi denne typen ikkje skapar identifikasjonsmogelegheiter for dei. Motsett kan bruken i FFP av kvinnelege skodespelarar med ein meir variert fysikk og mindre sminke, bidra til at ein trekker til seg eit større kvinneleg publikum, fordi fleire kan identifisere seg med den kvinnelege karakteren.

Dei mannlege skodespelarane i både FFP og HMP hadde alle det som vanlegvis vert karakterisert som eit attraktivt utsjåande. FFP-videoane brukte i større grad mannlege skodespelarar som hadde ein meir tydeleg muskulær fysikk, og kvitare tenner, enn det ein såg hos dei mannlege skodespelarane i HMP. Men, sjølv om dei mannlege skodespelarane i FFP hadde ein litt anna fysikk, var det ingen av dei mannlege skodespelarane i dei to videogrubbene som skilte seg ut som mindre attraktive i høve til den tradisjonelle oppfatninga av attraktiv.

Lust (2010), på si side, hevdar det er ein tydeleg skilnad på dei mannlege skodespelarane i HMP og i FFP. Den mannlege karakteren i HMP blir ofte framstilt som barsk, viril og velutstyrt, medan dei mannlege skodespelarane i FFP liknar meir på "[t]ypical guys like the ones you know" (Lust, 2010, 19). Dette var, som allereie nemnd, ikkje noko eg fekk inntrykk av i analysen av mitt materiale; dei mannlege skodespelarane i HMP- og FFP-videoane var relativt like i utsjåande, sjølv om det var ein tendens til at dei mannlege FFP-skodespelarane hadde ein noko meir muskuløs fysikk enn dei mannlege HMP-skodespelarane.

Den største forskjellen når det kom til dei mannlege skodespelarane i HMP og FFP var ikkje å finne i sjølve utsjåande deira, men heller i antrekket. Inntrykket var at det var lagt meir vekt på antrekket til dei mannlege karakterane i FFP- enn i HMP-videoane. Til dømes i FFP-videoane *Drive Me Crazy*, *Taste 1 Course Bruschetta*, *The Art of Spanking*, *Mad Men Porn*, *Take Me Drunk*, *Sir*, og *A Feminist Man* hadde dei mannlege skodespelarane ein trendy og nesten hipsteraktig stil. Dei hadde også moteriktige hårfrisyrar og skjegg, og var ofte ikledd dress og skjorte. Kontrasten var stor i forhold til dei mannlege skodespelarane i HMP, som i større grad gjekk i kvardagslege og avslappa klede, som til dømes jeans og t-skjorte, (ein mannleg skodespelar var faktisk iført joggebukse i videoen *Naughty School Girl*). Antrekket til dei mannlege HMP-karakterane hadde ofte ikkje ein samanheng med handlinga i videoane. I dei HMP-videoane som hadde ei yrkesrelatert handling, som til dømes *Naughty School Girl*, *Jordan Ash*, *Double View Casting*, *Busty Breast Exam*, og *Big Titty Milf #18*, var det som oftast den kvinnelege skodespelaren som bar det mest gjennomførte antrekket, medan den mannlege skodespelaren gjekk i kvardagslege klede.

Det kan vere ulike grunnar til at det er forskjell i antrekka, og delvis i fysikken, til dei mannelege skodespelarane i FFP og HMP. Ein av årsakene til skilnad i antrekka kan til dømes vere budsjettet ein har disponert til å produsere pornovideoane. Med eit romsleg budsjett kan ein eventuelt legge meir vekt på antrekket til karakterane. Ein anna grunn til dei observerte skilnadane kan også vere at dei to pornosjangrane rettar seg mot to ulike publikum. I HMP ligg ofte sjåarfokuset på dei kvinnelege skodespelarane, og ein vil difor i større grad til dømes legge vekt på antrekket til desse enn på antrekket til dei mannlege skodespelarane. Kva dei kvinnelege karakterane har på seg er ein del av dei mannlege seksuelle fantasiane som utspelar seg i HMP. I FFP er det dei kvinnelege sjåarane sine fantasiar og lystar som skal utfolde seg. Difor blir både fysikken og antrekket til dei mannelege karakterane i FFP like essensielle for handlinga for det heteroseksuelle kvinnelige publikummet som det antrekka til dei kvinnelege karakterane i HMP er for det heteroseksuelle mannlege publikummet.

Som for fysikken hos dei mannlege skodespelarane, hevdar Lust (2010) at det er ein skilnad mellom HMP og FFP i antrekket hos dei kvinnelege skodespelarane. I følgje Lust (2010) er dei kvinnelege skodespelarane i HMP ofte iført nettingstrømper, miniskjørt og høge stiletthælar, medan dei kvinnelege skodespelarane i FFP er iført noko meir daglegdagse antrekk; ”*A sexy Miss Sixty, Armani, or Mango dress; jeans and a T-shirt*” (Lust, 2010, 19). Lust (2010) framstiller altså antrekket til dei kvinnelege skodespelarane i HMP som meir overdriven og over-seksualisert i forhold til dei kvinnelege skodespelarane i FFP, som har ei meir naturleg og realistisk påkledning.

I mitt materiale stod dei to gruppene fram som relativt like i dei FFP- og HMP-videoane der dei kvinnelege skodespelarane berre var kledd i undertøy. Ein hadde nytta seg av utfordrande undertøy med blonder og strømper i like stor grad. Bruken av sko med høge hælar var også jamt fordelt mellom dei kvinnelege skodespelarane i FFP og HMP. Den forskjellen som Lust (2010) beskriv, kjem først til syne når videoane har ei yrkesrelatert handling, til dømes eit seksuelt forhold mellom arbeidsgivar og arbeidstakar (sjå avsnittet om Yrker under). Det er ein tydeleg skilnad i påkledning hos dei kvinnelege skodespelarane til dømes i HMP-videoen *Irresistible* og FFP-videoen *Mad Men Porn*. Begge desse videoane handlar om kvinner som arbeidar som sekretær og som ynskjer å ha eit seksuelt forhold til sjefen eller ein kollega. Men der den kvinnelege skodespelaren i *Irresistible* troppar opp på kontoret iført miniskjørt, knestrømper, høge stiletthælar og ei skjorte som er så stram at det hindrar ho (og kanskje også mange av dei mannlege kollegaene hennar) i å gjennomføre noko form for kontorarbeid, så er den kvinnelege skodespelaren i *Mad Men Porn* iført ein kvardagsleg kjole og komfortable sko. Der den kvinnelege skodespelaren i HMP-videoen er kledd i eit over-seksualisert antrekk, har ein altså heller valt å gå for eit meir naturleg antrekk for kvinna i FFP-videoen. Antrekket til den kvinnelege skodespelaren i HMP-videoen er det ein gjerne tenker på som eit klassisk porno-antrekk, medan det slett ikkje er noko seksuelt over antrekket til den kvinnelege skodespelaren i FFP videoen; kjolen hennar er bae lang og lite kroppsnær, og den har ikkje noko form for utringing i halsen. Antrekket til den kvinnelege skodespelaren i FFP-videoen er realistisk og naturleg; dette er eit antrekk som kvar ein kontorarbeidar/sekretær kunne iført seg på jobben. Antrekket til den kvinnelege skodespelaren i HMP-videoen, derimot, er avgrensa til å fungere i ein pornovideo; det hadde korkje vore naturleg eller realistisk å troppe opp på kontoret iført denne typen antrekk.

Eit anna døme på denne skilnaden i antrekk hos dei kvinnelege skodespelarane finn ein ved å samanlikna HMP-videoen *Graduation Summa’Cum Load* og FFP-videoen *A Feminist Man*. I

Graduation Summa 'Cum Load sitter ein kvinnelege student på rektor sitt kontor for å diskutere karakterar, medan i *A Feminist Man* er den kvinnelege studenten saman med ein professor i eit klasserom for å lære om feminisme. Begge videoane har altså ei skulerelatert handling, og som dei fleste pornovideoar ender begge med samleie mellom karakterane. Sjølv om handlinga i dei to videoane har likskapar, så ser ein også her at antrekket til dei kvinnelege karakterane skil seg tydeleg frå kvarandre. Den kvinnelege karakteren i *Graduation Summa 'Cum Load* har på seg eit sexy skulejentekostyme. Dette kostymet består av eit kort skjørt, knestrømper og ei kvit, stram skjorte som er knytt opp, slik at mest mogeleg hud blir vist. Som i HMP-videoen *Irresistible*, er også antrekket til den kvinnelege karakteren i denne videoen over-seksualisert. Den kvinnelege skodespelaren i *A Feminist Man* spelar også skulejente, men ho går i eit mellomlangt skjørt, ein strikkegenser, og skoletter. Det er ingenting over dette antrekket som er over-seksualisert, det er heller kvardagsleg og realistisk. I dei 11 HMP-videoane som hadde ei yrkesrelatert handling, var antrekket til den kvinnelege karakteren over-seksualisert, medan dette ikkje var tilfellet i nokon av dei 4 FFP-videoane som hadde ei yrkesrelatert handling.

Igjen er det nærliggande å tru at skilnaden i antrekket hos dei kvinnelege skodespelarane i FFP og HMP kan igjen ha med at dei rettar seg mot ulike publikum. I HMP vil det heteroseksuelle mannlege publikummet mest sannsynleg identifisere seg med den mannlege skodespelaren, medan den kvinnelege skodespelaren ofte er eit objekt for det mannlege begjæret og lystene som utspeler seg i HMP. I FFP er det den kvinnelege skodespelaren som skapar identifikasjonsmogelegheiter for dei kvinnelege sjåarane. Dersom dei kvinnelege skodespelarane er i kledd eit antrekk som står fram som meir realistisk hos sjåarane vil dette kanskje hjelpe å skapa større identifikasjonsmogelegheiter. Å nytte seg av realistiske antrekk slik som ein gjer i FFP, vil også kunne få handlinga i pornovideoane til å verke meir truverdig. Realisme er noko ein i følge Lust (2010) ynskjer å fokusere på i FFP. Alle element som får HMP til å verke mekanisk og urealistisk, prøver ein å ekskludere i FFP, og dette kan inkludere påkledinga ein ser hos dei kvinnelege skodespelarane i HMP. Å legge vekt på ulike innhaldsmessige element i FFP, som nettopp antrekk, kan vere eit verkty regissørar og produsentar nyttar for at kvinnevennlege variantar av porno skal stå fram som forskjellige frå HMP, og dermed skapa sin eigen individuelle stil.

Skilnaden i antrekka til dei kvinnelege skodespelarane i FFP og HMP som Lust (2010) beskriv, stemde ikkje heilt med det som kom fram igjennom den kvalitative innhaldsanalysen av mitt materiale. Til dømes var bruken av sexy undertøy hos dei kvinnelege skodespelarane

den same i både FFP og HMP. Men Lust (2010) sin påstand kom tydelege til syne i pornovideoane som hadde ei yrkesrelatert handling. I denne typen pornovideo hadde den kvinnelege skodespelaren i HMP-materialet oftast alltid antrekk som var det eg har kalla overseksualisert, medan antrekka hos den kvinnelege skodespelaren i desse FFP-videoane hadde på seg antrekk som var tilpassa jobbsituasjonen.

Protagonistar

Som tidlegare nemnd (kapittel 5.3), så er protagonisten den som er hovudperson i handlinga, noko som ikkje nødvendigvis er den skodespelaren som kamera fokuserer på. I dei 20 FFP-videoane var rolla som protagonist fordelt mellom 10 kvinnelege og 4 mannlege protagonistar (kapittel 5.1, Tabell 3). Dei resterande 6 videoane hadde ein mannleg og ein kvinneleg protagonist. Det at ein video har både mannleg og kvinneleg protagonist betyr at dei begge var hovudpersonar og var like essensielle for handlinga. I dei 20 HMP-videoane var det mannleg protagonist i 15 av desse, medan dei resterande 5 hadde kvinneleg protagonist (kapittel 5.2, Tabell 4). Ein ser altså at dei to pornokategoriane skil seg på dette punktet, ved at ein i FFP-materialet hadde nytta seg av kvinnelege protagonistar i større grad enn i HMP. Ein anna skilnad var at ein i FFP hadde videoar som inneheldt både ein mannleg og ein kvinneleg protagonist, noko som ikkje var tilfelle i nokon av dei 20 HMP-videoane.

Oppførselen eller måten dei kvinnelege og mannlege protagonistane tok initiativ på, varierte også mellom HMP og FFP. Til dømes så tok gjerne både dei kvinnelege og mannlege protagonistane i FFP initiativ til sexakta med kyss og berøring, medan dei kvinnelege og mannlege protagonistane i HMP ofte var rett på sak. Protagonistane i HMP nytta seg gjerne berre av berøring og ”dirty talk” før ein var i gong med sjølv sexakta (sjå meir om dette i avsnitt 6.2.2, om trekk ved sexhandlinga). Døme på dette finn ein i HMP-videoane *Crazy Fuck*, *Busty Breast Exam*, *Jordan Ash*, *Madison Ivy 1* og *Naughty School Girl*.

Sjølv om det var skilnadar i korleis dei mannlege protagonistane i HMP og FFP tok initiativ, var den største forskjellen å finne hos dei kvinnelege protagonistane. Der den kvinnelege protagonisten i FFP starta forsiktig med å kysse og flørte med den mannlege skodespelaren, tok gjerne den kvinnelege protagonisten i HMP den mannlege skodespelaren sine armar og la dei på brysta sine og let han kna dei, før ho satt seg ned på kne for å gje han oralsex. Dei kvinnelege protagonistane i HMP tok initiativ på ein meir direkte og aggressiv måte enn dei kvinnelege protagonistane i FFP. I til dømes HMP-videoen *Madison Ivy 1* tar den kvinnelege protagonisten initiativ til sex saman med ”pool boy”. Her går ho bort til han som står og

reinsar bassenget, leier han med seg, fortell han at ho er våt og klar, samtidig som ho fører handa hans ned i underlivet sitt og seier til han: ”*you gonna fuck me, pool boy?*”. Så skubbar ho han ned i ein sofa, setter seg ned på kne og utfører oralsex på han. Likeeins i *Irresistible* tar den kvinneleg protagonisten initiativ til sexakta ved å sende sin mannlege kontormedarbeidar sensuelle og flørtande blikk, før ho drar han opp frå kontorstolen for å så kysse han og plassere hendene hans på brysta sine.

Ein annan måte den kvinnelege protagonisten i HMP tok initiativ på var ved å tilby seksuelle tenester for å komme seg ut av trøbbel eller unngå problem. Til dømes handlar *Dorcel's Naughty School Girl* om ein kvinneleg student som tilbyr professoren sin sex mot at han let vere å stryke ho i eit fag. Dette er også tilfelle i *Big Titty Milf #21* der ein kvinneleg lærar kjem seg ut av ein kinkig situasjon ved å tilby ein student seksuelle tenester.

Ein annan skilnad mellom protagonistane i FFP og HMP var at ein i FFP la meir vekt på kjenslelivet og personlegdomen til protagonistane. I FFP-videoane let ein sjåarane bli nærare ”kjent” med protagonistane, gjerne ved at protagonisten delte sine kjensler og sitt seksuelle behov igjennom replikkar eller ved at ein nytta seg av voice-over som representerer protagonisten (sjå meir om dette i avsnitt 6.2.3 om produksjonsmessige element).

Protagonistane i FFP-materialet hadde eit meir nyansert kjensleliv enn det som var tilfelle i HMP-materialet, der protagonistane sitt kjensleliv gjerne bestod av to nyansar; begjær og kåtskap.

Yrker

Analysen viste at det var variasjon i kva jobbar dei ulike karakterane i FFP og HMP hadde. I HMP-videoane med yrkesrelatert handling, hadde dei mannlege karakterane yrker som bygningsarbeidar, lege, lærar og skadedyrkontrollør, medan dei kvinnelege karakterane hadde yrker som sekretær, lærar, prostituert eller pornostjerne. Dei mannlege karakterane hadde ein større tendens til å arbeide som handtverkarar enn dei kvinnelege, men bortsett frå dette så var det relativt lite forskjell mellom dei kvinnelege og mannlege karakterane sine yrker i HMP. Det var dei mannlege karakterane som oftast hadde rolla som arbeidsgivar eller var i ei slags sjefsrolle, medan dei kvinnelege karakterane var arbeidstakar eller i ei form for underordna posisjon. Eit døme på dette er *Double View Casting*, der den kvinnelege karakteren er ei pornostjerne som er på audition hos den mannlege karakteren, som er pornoprodusent. Ei liknande handling går føre seg i *Busty Breast Exam*, der den mannlege karakteren er lege, medan den kvinnelege karakteren er pasient.

Det var færre FFP-videoar enn HMP-videoar som hadde ei yrkesrelatert handling. I dei FFP-videoane som omhandla karakterane sine yrker, så hadde dei kvinnelege karakterane yrker som til dømes sekretær, kokk og klededesignar, medan dei mannlege karakterane hadde yrker som lærar, kontorsjef og massør. Den største skilnaden mellom HMP- og FFP-materialet her var ikkje yrkene i seg sjølve, men at desse var meir essensielle for sjølve handlinga i HMP enn dei var i FFP. Med dette så meiner eg at i dei yrkesrelaterte FFP-videoane, så hadde eigentleg ikkje karakterane sine yrker så mykje å seie for handlinga. Til dømes så er den kvinneleg karakteren i videoen *The Coach Surfer* klededesignar, men dette er ikkje viktig for handlinga; yrket blir berre nemnd tilfeldig i byrjinga av videoen. Dette er også tilfelle i *Taste, 5th Dessert*, der den kvinnelege karakteren nemner at ho er kokk, men heller ikkje her er yrke hennar spesielt relevant for handlinga. Når det er sagt, så var det som oftast den kvinnelege karakteren som hadde eit spesifikt yrke i FFP, i forhold til dei mannlege karakterane. Dette var i motsetnad til HMP, der det var fleire mannlege karakterar som hadde eit spesifikt yrke i forhold til talet på kvinnelege karakterar med yrke.

Ein annan skilnad var at i FFP-videoane var det i dei fleste tilfella den kvinnelege protagonisten som hadde eit spesifisert yrke, medan det i HMP-videoane var den mannlege karakteren som hadde eit yrke, uavhengig om han var protagonist eller ei. Bortsett frå dei mannlege karakterane i FFP-videoane *Mad Men Porn*, *A Feminist Man* og *A Touch of Romance*, var det ikkje lagt vekt på dei mannlege karakterane sitt yrke eller karriere i dette materialet. Lust (2010) hevdar at kvinnelege sjåarar ynskjer å sjå kvinnelege karakterar i FFP som har meir moderne og realistiske yrker enn det dei kvinnelege karakterane har i HMP; ”We want to see a woman restaurateur, a smart woman executive, a woman president, a single mother, a married mother, a graphic designer, a clerk in a sex toy store” (Lust, 2010, 32).

Kort oppsummert kan ein seie at det var fleire kvinnelege karakterar som hadde eit yrke i FFP enn i HMP, men ingen av desse karakterane sine yrker var spesielt viktige for handlinga som utspelte seg i videoane.

Relasjonar mellom karakterane – elskande par og tilfeldig sex

Ein av dei tydelegaste skilnadene mellom FFP og HMP som kom fram i analysen gjaldt relasjonen mellom karakterane. Av dei totalt 20 FFP-videoane var det 11 som handla om karakterar som kjenner kvarandre. Dei er kjærastepar, sambuarar eller kone og mann. I desse 11 videoane spelar skodespelarane karakterarar som skal portrettere par i ulike daglegdagse situasjonar; på stemnemøte eller som kjærastepar som prøver å krydre kjærleikslivet. Til

dømes så er handlinga i *Ever After* lagt til eit bryllaup der ein får sjå eit ungt par som skal feire bryllaupsnatta saman, første gong som mann og kone. *Five Star Hotel* handlar om eit par som har sjekka inn på hotell for å feire bryllaupsdagen sin, og *Midnight Dinner* handlar om eit sambuarpar som liver ting opp på kjøkkenet. Alle karakterane i desse 11 videoane verkar som om dei har eit intimt og kjærleg forhold. I dei 9 FFP-videoane som ikkje handlar om par, til dømes *Anna's Secret* og *The Art of Spanking*, har ein også framstilt karakterane på ein slik måte at det verkar som om dei kjenner kvarandre og at forholdet er basert på noko meir enn berre tilfeldig sex.

Kjennskapen kom godt fram gjennom dialogane dei ulike karakterane i FFP-videoane framførte. Dei konverserte på ein måte som par ofte gjer. Det var til dømes kjærlige ord mellom mann og kone i *Ever After*, men også spydige og småfrekke ord i *Take Me Drunk*.

Av dei 20 HMP-videoane var det berre ein som handla om kjærastepar; *Raven Takes It* handlar om eit sambuarpar som krydrar samlivet med å flytte kjærleikslivet frå soverommet til stova for å ha eksperimentelt samkvem. Denne videoen liknar litt på dei 11 FFP-videoane referert til over, fordi den viser eit sambuarpar som ser ut som dei har genuin affeksjon for kvarandre. Dei 19 andre HMP-videoane handlar om tilfeldig sex. Med tilfeldig sex så meiner eg at karakterane i videoane blir framstilt på ein slik måte at det ikkje verkar som om dei har kjennskap til kvarandre frå før. Det handlar meir om karakterar som havnar i ulike tilfeldige situasjonar som ender med samleie. Eit døme på dette er *Naughty School Girl*, der ei kvinne kledd i ei sexy skuleuniform går innom eit bygningsområde for å ta seg ein røyk. Der møter ho tilfeldigvis på to mannlege bygningsarbeidarar, og dei ender opp med å ha sex. Tilfeldig sex på arbeidsplassen eller i yrkessamanhengar var ei handling som gjekk igjen i 6 av HMP-videoane. I *Double View Casting* ynskjer den kvinnelege karakteren å bli pornostjerne og blir intervjuet av ein pornoprodusent, spela av den mannlege skodespelaren. I *Busty Breast Exam* er handlinga lagt til eit legekontor, der ei ung kvinne har oppsøkt legen for ein konsultasjon etter eit bryststingrep. Legen kjenner på brysta hennar, og det ender opp med at de har sex på kontoret. I *Irresistible* er handlinga lagt til eit kontorlandskap, der den kvinnelege karakteren ikkje greier å halde fingrane unna sin mannlege medarbeidar, og i *Married Milf* handlar det om to litt eldre pornoskodespelarar som skal jobbe saman ein siste gong. I *Madison Ivy 1* får ein sjå den kvinnelege arbeidsgivaren ha sex med han som reinsar bassenget hennar, og i *Jordan Ash* får ein også sjå den kvinnelege arbeidsgivaren ha sex med ein mannleg tilsett.

Det som er felles for 19 av dei 20 HMP-videoane er altså at karakterane ikkje har eit nært forhold til kvarandre, dei handlar om tilfeldig sex. Både FFP- og HMP-videoane spelar på

fantasiar og hemmelege lystar, men HMP handlar i større grad om forhold som ikkje alltid er mønsterforhold eller som er litt tabubelagde, som til dømes ein arbeidsgivar som har sex med sine arbeidstakarar. Dei har ikkje det same intime og kjærlege forholdet som karakterane i FFP-videoane. Denne skilnaden kan skyldas at det å ha tilfeldig sex oftare er ein mannleg enn ein kvinneleg fantasi, medan seksuelt samkvem mellom karakterar som har kjensle for kvarandre appellerer meir til kvinneleg fantasi. Skilnaden kan også ha med sjølve omgivnadane i pornovideoane; det å vise seksuell aktivitet mellom par som kjenner kvarandre og i kjende omgivnader, kan skapa trygghet for sjåarane. Dette er karakterar som er kjenslemessig involvert, og det er meir enn berre sex. McNair (2013) hevdar at porno for kvinner legg vekt på dei seksuelle omgivnadene (sjå meir om dette i kapittel 6.2.3, avsnittet om Kulissar).

Alder - skulejenter og Milfs

Gjennom den kvalitative innhaldsanalysen kom det fram ein tydeleg variasjon i kva tema videoane frå dei to pornosjangrane tok for seg. Til dømes så var det 5 HMP-videoar som handla om seksuell omgang mellom student og professor. I FFP var det 1 video, *A Feminist Man*, som hadde ei slik handling. Dei kvinnelege karakterane i dei 5 HMP-videoane med denne skulerelaterte handlinga, skulle også spele yngre enn det skodespelarane tilsynelatande var. Det vil seie at ein hadde prøvd å bære kle og style dei kvinnelege skodespelarane som unge skulejenter. I tillegg vart karakterane til dei mannlege skodespelarane i desse pornovideoane framstilt som ein del eldre enn dei kvinnelege karakterane. Temaet blei altså yngre skulejente og eldre mann. I FFP-videoen som hadde ei skulerelatert handling, blei karakterane framstilt som jamaldra.

Den gjennomgåande handlinga for 5 andre HMP-videoar var såkalla Milfs. Milfs er ei forkorting for mother i like to fuck, og denne typen porno går ut på at kvinner i ca. førtiårsalderen og oppover har seksuell omgang med yngre menn. Her, som i dei 5 HMP-videoane som handla om seksuell aktivitet mellom student og professor, var alder viktig. Men i motsetnad til student/professor-videoane, hadde ein i Milfs-videoane valt å snu på aldersforskjellen. Dette var ikkje ei handling som ein fann i nokon av FFP-videoane, verken eldre menn med yngre kvinner, eller eldre kvinner med yngre menn.

I alle desse 10 HMP-videoane var aldersforskjellen altså eit viktig element, medan dette ikkje var tilfelle i nokre av dei 20 FFP-videoane. At alder var ein viktig faktor i FFP-materialet, kan ha samanheng med kva FFP ofte handlar om, nemleg elskande kjærastepar (sjå avsnittet om

Relasjonar over), som oftast er på same alder.

6.2.2 Trekk ved sexhandlinga

Forspel – Titty fuck og oralsex

Med forspel så refererer eg til all seksuell aktivitet som skjer før sjølve sexakta, altså det som skjer før penetrasjon av kjønnsdelar. Dette kan til dømes vere kyss, berøring, og oralsex.

Dersom oralsex blei utført før sexakta, blei det her sett på som ein del av forspelet fordi det ikkje inneber penetrasjon av kjønnsdelar. Alle dei 40 pornovideoane som utgjer materialet mitt inneheldt ei form for forspel, men det var ein skilnad i kven av skodespelarane i dei to ulike pornosjangrane som gagna seg av forspelet. I HMP-materialet var det dei mannlege skodespelarane som i større grad gagna seg av forspelet før sexakta. Det typiske forspelet i HMP starta gjerne med berøring og eventuelt eit par kyss mellom dei mannlege og kvinnelege skodespelarane, men sekvensen med kyss og berøring vara kanskje berre i 1 til 2 minutt. Ein stor del av dette forspelet bestod også av at den mannlege skodespelaren knadde eller tok på den kvinnelege skodespelaren sine bryst. Etter kyss og berøring, byrja ofte den kvinnelege skodespelaren å utføre oralsex på den mannlege. I HMP-videoane var det denne sekvensen av forspelet som vara lengst, frå 3 til 7 minutt (sjå også kapittel 6.2.3, avsnittet om Kameravinklar). Dei fleste FFP-videoane inneheldt også sekvensar der den kvinnelege skodespelaren utførte oralsex på den mannlege skodespelaren, men desse vara berre i ca. 2 til 4 minutt, altså om lag halvparten av tida for desse sekvensane i HMP.

I baa HMP- og FFP-materialet var det nokre videoar der den mannlege skodespelaren utførte oralsex på den kvinnelege skodespelaren. Men i dei fleste tilfella skjedde dette eit stykke inn i sjølve sexakta, altså etter penetrasjon og mellom dei ulike sexstillingane. Døme på dette finn ein i HMP-videoane *Big Titty Milf #18*, *Jordan Ash*, *Milf Trainer* og i FFP-videoane *Drive Me Crazy*, *Lush*, og *Opposite Pleasure*. I begge kategoriane vara desse sekvensane frå ca. 1 til 2 minutt. I tillegg til dei lengre oralsex-scenene inneheldt også forspelet i HMP lengre sekvensar der den kvinnelege skodespelaren stod og tok på seg sjølv. Dette skjedde ofte før handlinga tok til, og hadde gjerne ingen tilknytning til denne handlinga. I til dømes *Madison Ivy I*, står den kvinnelege skodespelaren ved bassenget iført høge hælar og bikini og dansar sensuelt til musikk medan ho tar på seg sjølv, samtidig som ho sender kameraet lengtande blikk.

I FFP nytta ein seg også av ein type sekvens før forspelet, men innhaldet i desse sekvensane

var av ein anna type enn i HMP. Dei viste heller deltakarane der dei gjorde noko som var relevant for handlinga. I videoen *Taste 1 Course Bruschetta* er til dømes mannen og kvinna ute på stemnemøte, og i *Take Me Drunk* får ein sjå eit kjærastepar som er ute på byn saman. Slike sekvensar fungerte altså som ein slags introduksjon til handlinga. Dei hadde ein kontekst, medan sekvensane i HMP gjerne ikkje var knytt til handlinga vidare.

Ein annan forskjell mellom HMP og FFP var at ein i HMP nytta seg hyppig av såkalla titty fuck som ein del av forspelet. Titty fuck er når den kvinnelege skodespelaren held brysta sine tett saman, medan den mannlege skodespelaren plasserer kjønnsorganet sitt mellom brysta hennar og drar det opp og ned –som om han penetrerer brystkløfta vertikalt. Titty fuck blei nytta som ein del av forspelet i 15 av dei 20 HMP-videoane, medan ingen av dei 20 FFP-videoane nytta seg av denne typen seksuell aktivitet som ein del av forspelet.

Orgasme og the money shot

I dei 20 HMP-videoane var alt fokus retta mot den mannlege orgasmen. I desse 20 videoane var det berre ein kvinneleg skodespelar som oppnådde klimaks; dette skjedde i videoen *Busty Breast Exam*. Kamera hadde alltid fokus på den mannlege skodespelaren når han oppnådde klimaks under sexakta. Og når dette skjedde, nytta ein seg gjerne av det som blir kalla for the money shot. The money shot er ein term som på fagspråket i pornobransjen betyr den avsluttande scena. The money shot i typisk HMP inneber gjerne at den mannlege skodespelaren ejakulerer på den kvinnelege skodespelaren, i andletet, på brystpartiet, rumpa eller magen (Royalle, 2013, 64-65). Williams (2004) skildrar the money shot som ”A penis in close-up ejaculating all over a woman’s face and the woman acting like the semen is a gift from the gods” (Williams, 2004, 44). Denne skildringa av the money shot er svært dekkande for det som skjer i dei videoane eg har analysert. I alle tilfella der ein nytta seg av the money shot i HMP-videoane verkar det nesten som den kvinnelege skodespelaren er både takknemlig og lykkeleg over å få sæd ejakulert over andletet sitt. The money shot blir ofte gjennomført med at den mannlege skodespelaren står over den kvinnelege skodespelaren, som gjerne sitter på kne og utfører oralsex eller runkar han, ofte medan ho snakkar dirty til han. Scena avsluttast med at han ejakulerer på andletet, brystpartiet, rumpa eller magen til den kvinnelege skodespelaren, og at ho deretter gnir det utover på kroppen sin.

I alle dei 20 HMP-videoane vart the money shot brukt som avsluttande scener, 17 der den mannlege skodespelaren ejakulerte i andletet til den kvinneleg skodespelaren, 2 der han ejakulerte på brysta til den kvinnelege skodespelaren, og 1 der den mannlege skodespelaren

kom utanpå vaginaen til den kvinneleg skodespelaren, ofte kalla creampie. Å ejakulerer inn i den kvinneleg skodespelaren førekom altså ikkje ein einaste gong i dei tjue heteroseksuelle mannlege pornovideoane.

The money shot blir også nytta i FFP. Av dei 20 FFP-videoane som er analysert her, vart the money shot nytta som avsluttande scene i totalt 4 videoar, nemleg i *Anna's Secret*, *Lush*, *Five Star Hotel* og *Role Play*. I desse videoane ejakulerte ikkje den mannlege skodespelaren på andletet til den kvinnelege skodespelaren, men heller på rumpe og mage. I dei resterande 16 FFP-videoane ejakulerte den mannlege skodespelaren inn i den kvinnelege skodespelaren. Der ein alltid brukte the money shot og fokuserte på den mannlege orgasmen i HMP-materialet, fokuserte ein i FFP-materialet heller på berøringa, nytinga, og andletsuttrykka til skodespelarane under klimakset. Og i staden for å berre fokusere på eit av kjønna sin orgasme, slik som i HMP, var fokuset i FFP på klimakset til begge (eventuelt alle) dei involverte i sexakta.

Akkurat slik som dei mannlege skodespelarane i HMP-videoane, oppnådde også dei mannlege skodespelarane i FFP-videoane klimaks i kvar av dei 20 videoane. I berre ein FFP-video viser ein kvinnelege orgasme; hos den kvinnelege skodespelaren i *The Couch Surfer*. Men sjølv om det også i FFP i all hovudsak var mannlege skodespelaren som oppnådde klimaks, så fokuserte ein ikkje på det mannlege klimakset på same måten som i HMP. I staden valte ein å la kamera zoome inn på sjølve berøringa mellom skodespelarane i sexakta og begge skodespelarane sine kroppar. Som det går fram av kapittel 5.3, så nytta ein seg i FFP oftast av den tradisjonelle misjonærstillinga, der mannen og kvinna ligg vendt mot kvarandre. Dette er ei ganske intim sexstilling, då skodespelarane har augekontakt. Det at skodespelarane har augekontakt, skapar også ei slags romantisk og intim atmosfære for sjåarane. Når den mannlege skodespelaren oppnår klimaks i misjonærstillinga, blir det mest naturleg for kamera å fokusere på både den mannlege og kvinnelege skodespelaren sine andletsuttrykk og reaksjonar, enn dersom ein hadde valt å avslutte med til dømes sexstillinga doggystyle, eller ei anna mindre intim sexstilling, der skodespelarane ikkje er vendt mot kvarandre eller ikkje har augekontakt (sjå kapittel 5.3).

Det kan vere mange grunnar til at ein vel å unngå the money shot i dei fleste FFP-videoane, og heller lar kamera fokusere på andre ting i avslutningssekvensen av sexakta, til dømes skodespelarane sine andletsuttrykk og hender under klimaks. Ein av grunnane til at ein har utelatt ei avslutting der den mannlege skodespelaren ejakulerer spesifikt i kvinna sitt andletet, kan vere at denne typen for seksuell nyting i hovudsakagnar den mannlege parten i sexakta,

og at denne sekvensen bygger på dei mannlege lystene. Williams (1989) hevdar at the money shot tydeleg er meint for eit mannleg publikum, då den kvinnelege skodespelaren nesten alltid har auga sine igjen under denne sekvensen og difor ikkje ser når mannen ejakulerer i andletet hennar; ”The man, in contrast, almost always sees himself ejaculate; the act seems much more clearly intended for his eyes and those of the viewer” (Williams, 1989, 101). Williams (1989) meiner altså at sidan den kvinnelege skodespelaren ofte held auga igjen under denne sekvensen, deltar ho ikkje på lik linje som den mannlege skodespelarane eller sjåarane. Den kvinnelege parten blir utelatt og nekta den visuelle opplevinga i denne typen avsluttande scener. Slik vert the money shot ein mannlege aktivitet, som berre han og sjåarane får ei seksuell oppleving av.

Ein annan grunn til at denne typen avslutning førekjem langt mindre i FFP enn i HMP, kan skyldast at dette er ei mindre intim avslutning på sexakta, då det ikkje er noko fysisk kontakt mellom den kvinnelege og mannlege parten. Når den mannlege skodespelaren drar seg ut av den kvinnelege skodespelaren for å utføre the money shot, så blir den fysiske kontakten mellom dei to partane brote. Å avslutte sexakta i til dømes i ei stilling der den mannlege skodespelaren ejakulerer medan han penetrerer den kvinnelege skodespelaren, verker som ei meir intim form for avslutning, då partane då er i nærkontakt med kvarandre. Williams (1989, 101) hevdar at the money shot er essensiell for HMP, fordi det er den måten den mannlege orgasmen best let seg vise visuelt.

”Etterspel” – kyss og berøring

Det var også skilnad i korleis ein avslutta pornovideoane på i HMP og FFP etter at ein eller fleire av skodespelarane hadde oppnådd klimaks. Det eg her kallar ”etterspel” gjeld den siste delen av videoen, etter at sexakta er avslutta og før rulleteksten kjem til syne. HMP-videoane nytta seg av the money shot som avslutning på sexakta, slik at det siste sjåarane får sjå er den kvinnelege skodespelaren som smørjar sædet til den mannlege skodespelaren rundt i andletet sitt. Som nemnd over, blei sexakta i dei fleste FFP-videoane avslutta med utveksling av kyss og berøring mellom skodespelarane, også i dei få tilfella der ein nytta the money shot. The money shot var altså typisk ikkje det siste sjåarane fekk i sjå i FFP-videoane. Her ejakulerte som oftast den mannlege skodespelaren inn i den kvinnelege skodespelaren, og i den avsluttande scena fekk sjåarane sjå skodespelarane som kyssa, held hender eller snakka kjærleg til kvarandre.

I boka *Good Porn* (Lust, 2010) skriv Lust at Royalle når ho produserer FFP bevisst vel å

erstatta the money shot med ei avsluttande scene som inneheld kyss og berøring mellom skodespelarane. Det kan vere ulike grunnar til at ein i FFP ikkje avsluttar videoane med the money shot, men i større grad nyttar seg av avsluttande scener som viser nærleik og ømheit. Medan mannen i HMP er ferdig med all nærleik i det han oppnår klimaks, gjev nærleik mellom deltakarane i FFP det kvinnelege publikummet ei meir intim avslutning. Ein grunn kan også vere at ein FFP prøver å gjere sexakta mindre mekanisk enn i HMP. Det å bruke berøring etter sjølv akta er noko Royalle meiner er med på å få pornoen til å framstå som meir realistisk og naturleg; ”There are kisses afterward, along with caresses and even promises of eternal love – more or less the way things are in real life” (Lust, 2010, 107).

Graden av brutalitet i FFP og HMP

Noko som også kom godt til syne i analysefasen av materialet var at dei mannlege skodespelarane var meir hardhendte, eller røffe, mot dei kvinnelege skodespelarane i HMP-videoane enn i FFP-videoane. Dette var tilfellet i 18 av dei 20 HMP-videoane. Med røff meiner eg ikkje *bondage* eller *SM*, som begge er pornotypar som ofte inneheld binding, piskar og generelt hard sex. Med røff meiner eg at den seksuelle aktiviteten som gjekk føre seg i HMP-materialet var merkbar meir brutal enn den seksuelle aktiviteten som gjekk føre seg i FFP-materialet. Brutaliteten i HMP kom tydeleg til syne i måten ein behandla dei kvinneleg skodespelarane på. Kven som var protagonisten i pornovideoane hadde lite å seie for dette aspektet; brutaliteten var det som oftast dei mannlege skodespelarane som stod for. Det var berre 2 HMP-videoar som skilte seg ut frå dei 18 andre videoane når det gjaldt dette aspektet. Det var *Madison Ivy 1*, der det er den kvinnelege skodespelaren som er den mest brutale parten i sexakta og *Raven Takes It*, som synte ein meir forsiktig seksuell aktivitet. Brutaliteten i dei andre 18 HMP-videoane kom godt til syne i måten dei mannlege skodespelarane bae snakka til og behandla dei kvinnelege skodespelarane – før, under og etter sexakta. I mange av desse HMP-videoane vart dei kvinnelege skodespelarane tilsnakka med kallenamn som *bitch* og *whore*, og når ein skulle skifte sexstilling under samleie skjedde det ofte med at den mannlege parten tok hardt tak i kvinna og snudde ho over til ein anna posisjon. Nokre av dei kvinnelege skodespelarane kunne også oppleve å få servert eit klaps med flat hand i andletet ein eller to gongar i løpet samleiet.

I 3 HMP-videoar fekk dei kvinnelege skodespelarane særleg røff behandling, nemleg *Double View Casting*, *Naughty School Girl* og *Married Milf*. Som i fleire av dei andre HMP-videoane der den seksuelle aktiviteten var røff, fekk dei kvinnelege skodespelarane fleire slag med flat

hand i andletet. Men krafta på slaga verker hardare i desse tre videoane enn i dei andre der dette førekom. I tillegg var også forspelet i desse videoane meir brutalt ved at ein jamleg nytta seg av «gagging», noko som betyr at når kvinna utfører oralsex på den mannlege skodespelaren, tar han tak i bakhovudet hennar og presser kjønnsorganet sitt så langt inn i munnen hennar at ho byrjar brekke seg.

Married Milf var den pornovideoen som inneheldt røffast sex av alle. Her blei den kvinnelege karakteren overtalt på ein brutal, nesten kommanderande måte, til å ha sex med den mannlege karakteren. I tillegg til dette blei ho konstant slått i andletet med flat hand av den mannlege karakteren, både når ho utførte oralsex og under sexakta.

Dei einaste slaga med flat hand som var å sjå i FFP-videoane, var når den mannlege skodespelaren i nokre tilfelle klapsa den kvinnelege skodespelaren på rumpa, noko som førekom i dei to 2 videoane *The Art of Spanking* og *Sir*. Klapsing på rumpa var også noko som førekom i dei fleste HMP-videoane, men klapsinga i FFP var mykje mindre aggressiv og brutal enn i HMP. Elles var ikkje brutalitet ein del av den seksuelle aktiviteten i FFP-materialet. Her var det ingen som fekk flathanda i andletet, og det var ingen av skodespelarane, verken mannlege eller kvinnelege, som hadde ein aggressiv eller brutal oppførsel i videoane. Den einaste FFP-videoen der ein finn litt meir røff seksuell aktivitet er *Role Play*, der eit kjærastepar eksperimenterer med ein pisk på soverommet. Men her er det både den mannlege og kvinnelege parten som utfører slaga, og det heile er gjort på ein uskyldig og forsiktig måte.

Igjen kan den røffe behandlinga som dei kvinnelege skodespelarane får i HMP ha med den mannlege fantasien å gjere. I følge Williams (1989) kan brutaliteten som ein ser i HMP også spele på såkalla valdstekstfantasiar; ”Traditional, male-centered pornography’s fondest fantasy is to insist on this consent by repeated representations of the rape that turns into ecstasy: ravishment” (Williams, 1989, 165). Eit døme på at Williams (1989) si forklaring kan ha noko for seg, ser ein i HMP-videoen *Married Milf*. I denne videoen ynskjer ikkje den kvinnelege karakteren noko seksuell omgang med den mannlege karakteren. Ho seier nei opptil fleire gongar, men den mannlege karakteren overtaler og forfører ho på ein aggressiv måte. Videoen ender med at dei har samleie og at den kvinnelege karakteren nyter det, sjølv om ho eigentleg ikkje ville det i utgangspunktet. I 2 andre HMP-videoar, *Naughty School Girl* og *Crazy Fuck*, førekom det same scenariet; den kvinnelege karakteren prøver å kjempe imot eller ynskjer ikkje seksuell kontakt, men den mannlege karakteren tvinger seg på ho, og ho byrjar til slutt å nyte det.

Denne typen valdtektsfantasi førekom ikkje i nokon av FFP-videoane; det var ingen mannlege skodespelarar som tvang dei kvinnelege skodespelarane til samleie. I nokre av FFP-videoane vart det eksperimenterte med ein noko meir brutal eller aggressiv seksuell aktivitet, men likt for alle desse videoane var at brutaliteten som førekom var med samtykke frå alle dei involverte i sexakta. Den seksuelle aktiviteten var altså frivillig hos alle partar og skjedde på dei involverte sine premissar.

Brutaliteten som er retta mot dei kvinnelege skodespelarane i HMP kan nok verke bår avskrekkande og diskriminerande mot kvinnelege sjåarar, og det kan vere grunnen til at ein utelet slik mannleg aggressivitet frå FFP. HMP-videoane antyder at kvinner eigentleg likar valdtekt; den kvinnelege karakteren går frå å skrike ”Nei” av motstand i byrjinga av videoen, til å så skrike ”Ja” av nyting til slutt (Williams, 1989, 165). FFP sitt ynskje om å skapa ei kvinnevennleg atmosfære, oppnår ein gjerne ikkje dersom ein inkluderer aggressiv seksuell aktivitet på berre den mannlege parten sine premisser.

Feministar har lenge hevda at brutaliteten og dominansen mannen utøver mot kvinna i HMP er ein symbolsk representasjon av det mannsdominerte samfunnet (Williams, 1989, 22).

Williams (1989) sjølv meiner at denne typen kritikk mot HMP er feilaktig, då den alltid gjer kvinna til eit offer for mannleg brutalitet og at den definerer kvinnelig seksualitet som det motsette av mannleg; ”If phallic sexuality is contaminated by power, this tactic seems to say, if it is essentially violent and perverse, then female sexuality shall be defined as its opposite; as not-violent and not-perverse – a pure and natural pleasure uncontaminated by power” (Williams, 1989, 20). Det Williams (1989) seier er at når ein definerer den kvinnelege seksualiteten som det motsette av den heteroseksuelle mannlege, kan kvinner ikkje ha den same gleda av å sjå røff seksuell aktivitet som det menn har. Ein setter altså den kvinnelege seksualiteten i bås.

6.2.3 Produksjonsmessige element

Setting

Med setting refererer eg til kor innspelinga av videoen har funne stad. Når det kjem til val av setting i HMP og FFP, hevdar Lust (2010) at skilnaden ofte er tydeleg. I følgje Lust (2010) er settinga i HMP ofte lagt til luksuriøse herskapsbus, medan settinga i FFP gjerne, men ikkje alltid, er lagt til i ein moderne leilegheit i eit urbant strøk. Denne observasjonen stemmer ikkje

overeins med mine funn. Settinga i både FFP- og HMP-materialet er lagt til både luksuriøse herskapshus og urbane strøk. Det var ingen av variantane som la settinga i større grad til ein lokasjonstype. I dei 5 FFP-videoane eg analyserer frå nettsida til *Lust Cinema*, og som alle er produsert av Erika Lust, er faktisk settinga ein urban storby, slik at på dette viset stemmer observasjonen hennar. Men i dei 15 andre pornovideoane frå nettsidene *Sssh*, *Erotica X* og *Frolicme* veksler ein mellom ulike lokasjoner, som til dømes eit landleg område i *Drive Me Crazy*, eit herskapshus i *Ever After* og ei luksuriøs leilegheit i urbane strøk i *Voyeur*. Den same variasjonen ser ein i HMP-materialet, der ein veksler til dømes mellom ei urban og moderne leilegheit i *Double View Casting* og eit herskapshus i landlege omgivingar i *Madison Ivy 1*. Det var altså ingen setting som var meir typisk for ein sjanger enn ein annan i mitt materiale. Lust (2010) sine observasjonar rundt setting indikerer kanskje at dette er noko som kan variere ut frå dei personlege preferansane til regissøren, heller enn å vere knytta til pornosjanger.

Kulissar

Det var altså ikkje tydeleg skilnad i kva setting ein hadde valt å nytte seg av i HMP- og FFP-videoane. Derimot var det ein betydeleg forskjell i val av kulissar. Med kulissar så meiner eg interiøret, omgivingane og detaljane på settinga som pornovideoane blir spela inn i. Som med skilnaden i påkledinga hos dei kvinneleg skodespelarane, så var det igjen i pornovideoane der handlinga skulle vere yrkesrelatert at forskjell i kulissar var størst mellom FFP og HMP. Eit døme på denne skilnaden finn ein ved å samanlikne FFP-videoen *A Feminist Man* og HMP-videoen *Graduation Summa 'Cum Load*. Handlinga i begge videoane er lagt til eit klasserom, og begge handla om seksuelle relasjonar mellom ein student og ein akademikar. Den ytre ramma for handlinga har altså klare likskapstrekk, men det er ein tydeleg skilnad i oppbygginga av kulissane. I *A Feminist Man* filmar ein klasserommet frå ulike vinklar. Vi ser til dømes at det er innreia med bokhyller som er fylt med bøker, og rundt om på veggane heng det ulike læreplakatar, kart og ei tavle. Det er også plassert pultar og stolar rundt i rommet. Dei detaljerte kulissane gjer at klasserommet får eit autentisk preg. Kulissane er så gjennomførte at det også verkar som dei bærer preg av slitasje etter mange års bruk. Plasseringa av interiøret verker gjennomtenkt og autentisk. Dette er ikkje tilfellet i *Graduation Summa 'Cum Load*. Her er også handlinga lagt til i eit klasserom, men i denne videoen har ein vore meir nøktern. Klasserommet er filma frå ein vinkel, slik at sjåarane berre frå sjå kateteret, som står plassert fremst i rommet. Innreiinga elles er eit tavle på veggen der det står *math* og nokre bøker som ligg tilfeldig plassert på kateteret. Her er det altså ikkje lagt

same vekt på kulisser og detaljar som i *A Feminist Man*.

Eit liknande døme finn ein i ved å samanlikne FFP-videoen *Mad Men Porn* og HMP-videoen *Irresistible*. Handlinga i begge videoane føregår på det som skal førestille eit kontor. Men som i *A Feminist Man*, er kulissene i *Mad Men Porn* mykje meir detaljerte enn dei i *Irresistible*. Handlinga i *Mad Men Porn* er lagt til 50-talet, og rekvisittane ein nyttar seg av er frå denne epoken. Ein har blant anna innreia kontoret med teakmøbler og skrivemaskiner, samt at ein har plassert ei rekke arkivskap rundt om i rommet. Kulissane er så gjennomført og detaljerte at dei er som tatt ut frå den amerikanske serien *Mad Men*, som pornovideoen er basert på. Dette er ikkje inntrykket ein får i *Irresistible*; kulissane her er, som i *Graduation Summa' Cum Load*, meir nøkterne. Kulissane her består av ein kontorpult med to-tre papirark og eit par kulepennar, samt eit arkivskap med tre-fire tilsynelatande tomme permar.

Det generelle inntrykket er at kulissane i HMP-materialet er tilfeldig raska saman rett før ein byrjar filminga. Dette står i klar motsetnad til kulissane i FFP, som ofte gir inntrykk av å vere nøye planlagde. Skilnaden i kulissane i desse to pornosjangrane kan ha ulike grunnar. Det kan til dømes skyldast budsjett og prioriteringar. Kva budsjett kvar ein enkelt pornovideoproduksjon har å rå med, samt kva prioriteringar regissøren eller produsenten har, vil opplagt ha noko å seie for detaljane i produksjonen. Dei detaljerte kulissane i FFP kan også vere eit verkemiddel nytta av regissør og produsent for å oppnå eit meir påkosta og realistisk preg i sine videoar.

Fokuset på realistiske kulissar i FFP-materialet mitt stemmer godt med det McNair (2013) hevder om at FFP ofte i større grad enn HMP fokuserer på dei seksuelle omgivnadane enn sjølve sexakta. Bruken av detaljerte kulissar i FFP kan altså vere ein del av regissøren sin intensjon om å skapa ein mest mogeleg autentisk omgivnad for det kvinnelege publikummet, som igjen kan bidra til at det kvinnelege publikummet får meir ut av den seksuelle opplevinga. Det mannlege publikummet treng gjerne ikkje detaljerte kulissar, fordi dei heller fokuserer på sjølve sexakta enn omgivnadane i pornovideoane.

Lust (2010) hevdar også at omgivnadane og detaljane i FFP skil seg tydelig frå HMP. Ho hevdar at det viktigaste for det mannlege publikummet i ein pornovideo er at dei kvinnelege skodespelarane raskast mogeleg får av seg kleda og byrjar tilfredstille dei mannlege skodespelarane. Dei er ikkje så opptekne av kva dekorasjonar som blir nytta i videoane og til dømes kva mønster sengetøyet har. Lust (2010) hevdar at dei detaljerte kulissane ein ser i FFP er regissørane sitt forsøk på å skapa ein alternativ estetikk til den ein ofte finn i HMP (Lust, 2010, 34). Bruken av kulissane i FFP-materialet mitt kan i lys av dette sjåast på som eit forsøk

på å skapa ein eigen stil som gjer at denne typen porno skil seg frå HMP.

Kameravinklar – the porn formula og the gynecological close-up

Skilnaden i kamerabruk var noko som eg la spesielt merke til i arbeidet med den kvalitative innhaldsanalysen. I HMP-videoane heldt ein ofte kamera i same posisjon, eller ein veksla mellom to ulike vinklar når ein spelte inn ei scene. Dette var i stor kontrast til dei fleste FFP-videoane, der ein varierte meir med kameravinklane. I tillegg hadde ein i mange av FFP-videoane nytta seg av ein kameramann som gjerne bevegde seg rundt og fekk filma sexakta frå alle mogelege vinklar.

Royalle (2013) forklarar den ulike kamerabruken i HMP og i hennar filmar med det ho kallar for "the porn formula". The porn formula er eit standard oppsett som ein over lengre tid har nytta seg av når ein produserer porno; "You're basically shooting from a checklist and you've got to get plenty of footage of each type of sex act, from all the standard angles, to fulfill your obligations to your distributor" (Royalle, 2013, 65). Ein typisk HMP-video blir gjerne filma scene for scene og frå forskjellige fastsette kameravinklar. For å unngå fastsette kameravinklar, som Royalle meiner gjer pornoen eit mekanisk og kunstig preg, var det lite som var førehandsbestemt før ho byrja filme sine videoar. På denne måten meiner ho det blir meir openheit for spontanitet, samt at pornoscenene får ein meir naturleg flyt. I staden for å rigge til kamera og lys etter kvar scene, slik som ein gjer i HMP, nytta Royalle seg heller av kamerafolk som beveger seg rundt sexakta; "At the same time we allowed our camera people free rein to move around the lovers unrestricted by pre-set angles and positions, catching moments as they happened" (Royalle, 2013, 65).

Sjølv om forskjellen i kamerabruken var noko eg la merke til, så var ikkje dette etter mi meining ein avgjerande faktor for om pornoen vart sjåande mekanisk og kunstig ut. Men det var likevel slik at dei pornovideoane som nytta seg av kameramann med handheldt kamera, fekk ei meir naturleg flyt enn dei videoane der ein berre nytta seg av eit par kameravinklar, i og med at ein slapp å rigge opp kamera for å filme ei sexstilling for å så rigge kamera opp i på eit anna punkt for å filme stillinga frå ein anna vinkel. På denne måten unngår ein pausane i sexakta som Royalle beskriver for HMP (Royalle, 2013, 65). Mitt materiale støtter Royalle sine observasjonar av kamerabruken i HMP og FFP. I FFP-videoane blei det i større grad nytta handheldt kamera, samt fleire kameravinklar enn i HMP, der ein veksla mellom færre vinklar.

I følgje Royalle (2013) er eit typisk kjenneteikn for HMP bruken av lengre segment med

nærbilete av penetrasjon, samt generelt lengre nærbilete av skodespelarane sine kjønnsdelar (Royalle, 2013, 64-65). Dette fokuset på nærbilete av kjønnsdelar og penetrasjon kallar ho for the gynecological close-up. Royalle har valt å dempa bruken av slike nærbilete i sine FFP-videoar, grunna stor pågang av lesarbreve frå kvinnelege sjåarar. I følgje Royalle ville dei kvinnelege sjåarane "see it all, but they wanted to see it done with taste and subtlety rather than having it rubbed in their face" (Royalle, 2013, 64). Kvinnelege sjåarar vil altså ikkje nødvendigvis at ein skal utelata denne typen sekvensar i FFP, men dei vil at det skal gjennomførast på ein anna måte enn i HMP.

The gynecological close-up var å finne i både HMP-videoane og FFP-videoane mine. Særleg når den kvinnelege skodespelaren gav den mannlege skodespelaren oralsex, zooma kamera inn og haldt fokus på den mannlege kjønnsdelen. Dette var likt i både HMP og i FFP, men det var ein skilnad i lengda på desse sekvensane i dei to kategoriane. Lengda på oralsexscenane i HMP varierte frå 4 til 7 minutt, der kamera konstant zooma inn og haldt fokus på dei mannlege kjønnsorgan og dei kvinnelege skodespelarane som utførte oralsex. I FFP varierte lengda på oralsexscenene frå 2 til 4 minutt. Tidsbruken på the gynecological close-up er altså betrakteleg kortare i FFP- enn i HMP-materialet, noko som igjen kan skyldast at denne typen for seksuell aktivitet i hovudsak er mest interessant for den mannlege parten i sexakta, og difor er kuttet ned i FFP, der ein fokuserer meir på den kvinnelege nytinga.

I både FFP- og HMP-videoane brukte ein altså nærbilete av kjønnsdelar og penetrasjon. Som spesifisert i kapittel 1, er alle dei 40 videoane som er nytta i analysane såkalla hardporno, ein type porno der nærbilete av både penetrasjon og kjønnsorgan er vanleg. Det var likevel variasjon i måten ein hadde valt å filma desse nærbileta på. I FFP-videoane var nærbileta av penetrasjon og kjønnsdelar ofte filma i ein meir dus og dempa belysning enn i HMP-videoane. I tillegg zooma kamera ikkje like nært inn i FFP, og kamera haldt ikkje nærbilete av denne sekvensen så lenge som i HMP. Ein anna skilnad var at ein i FFP ikkje nødvendigvis nytta seg av slike nærbilete i alle sexstillingane som vart nytta, noko ein derimot gjorde i HMP. Dersom ein veksla mellom to-tre ulike sexstillingar i ein FFP-video, så brukte ein ofte berre nærbilete av penetrasjon i ein av desse stillingane. Ein nytta seg i tillegg av fleire nærbilete av kjønnsdelar i HMP enn i FFP, og då spesielt av dei kvinnelege skodespelarane sine kjønnsorgan, typisk medan ein skifta sexstilling. Det vil seie at mellom kvar gang skodespelarane skifta posisjon og før den mannelege skodespelaren penetrerte den kvinnelege skodespelaren, zooma kamera inn på kvinna sitt kjønnsorgan og haldt fokuset eit par sekundar. Dersom til dømes ein skifta frå misjonærstilling til doggystyle, så stilte den

kvinnelege skodespelaren seg opp i den posisjonen, og kamera zooma inn på ho bak frå og haldt fokus på kjønnsorganet hennar. Ofte var den mannlege skodespelaren overhovudet ikkje med i kamerabilete under slike nærbilete.

Denne typen nærbilete blei ikkje nytta i det heile i FFP-materialet. Kamera zooma aldri inn på den kvinnelege skodespelaren sitt kjønnsorgan, korkje under skifte av sexstilling eller generelt igjennom pornovideoane. Når det gjeld bruken av nærbilete av den mannlege skodespelaren sitt kjønnsorgan, vart det bare nytta i både FFP og HMP når han enten penetrerer den kvinnelege skodespelaren eller når kvinnelege skodespelaren gav han oralsex, som skildra over.

Som ein såg av resultata frå den kvantitative innhaldsanalysen (kapittel 5, Tabell 3 og 4) inneheld HMP-videoane i gjennomsnitt 1,7 fleire sexstillingar enn FFP-videoane. I følgje Royalle (2013) har også talet på sexstillingar ein samanheng med the porn formula. Når ein nyttar seg av denne faste oppskrifta for å produsere porno, inneber det gjerne at regissør eller produsent fører opp ei liste på førehand over dei ulike sexstillingar som er ynskjeleg å nytte i videoen. Royalle beskriver korleis ei slik liste ser ut i ein typisk HMP-video; "two or three minutes of the first intercourse position, two or three minutes of the second position, two or three minutes of the third position, external cum shot" (Royalle, 2013, 65). Ein planlegger altså ikkje berre kor mange sexstillingar ein skal nytte i pornovideoen, men også kor lang tid ein skal bruke på kvar stilling. Royalle hevdar at sexakta og flest moglege sexstillingar er sjølve målet i HMP, og ein bruker minst moglege tid på andre element som ein ser på som hindringar i å nå dette målet. Forspel som gagnar den kvinnelege parten i pornovideoen er noko som ein ser på som ein hindring eller avbryting, og ein vel difor å gjere denne prosessen kortast moglege. Fordi sexakta er sjølve målet i HMP bruker ein ikkje tid på slike hindringar, og på denne måten får ein meir tid til å vise fleire sexstillingar. Fordi ein i FFP legg vekt på andre element, som til dømes forføring og forspel, vert det gjerne plass til færre sexstillingar. Det kan også vere eit bevisst val av regissøren av FFP å ikkje fokuserer på mange skifte av sexstillingar. Når ein vekslar mellom fleire stillingar, slik ein gjer i HMP, kan det bidra til at sexakta verker mekanisk. Det vert ein mindre naturleg flyt når skodespelarane stadig skiftar stilling. Den fysiske kontakten mellom deltakarane blir i slike tilfelle broten med jamne mellomrom, og ein får små pausar som tilsynelatande ikkje ser ut til å gagna deltakarane.

Variasjonen i bruk av ulike sexstillingar kan ha ein innverknad på den ulike bruken av nærbilete av kjønnsdelar og penetrasjon ein ser i FFP- og HMP-materialet. Til dømes nytta ein seg hyppigast av sexstillingane doggystyle og reverse cowgirl i HMP (sjå 5.3). Desse to

sexstillingane er spesielt godt egna til the gynecological close-up fordi dei let kamera zoome nært inn på både kjønnsdelar og på sjølve penetrasjonen. Spesielt reverse cowgirl er godt egna til slike nærbilete, fordi den kvinnelege skodespelaren sitter vendt mot kamera med kjønnsdelar klart eksponert, med innsyn til sjølve penetrasjonen. I FFP var det derimot misjonærstilling og cowgirl som var dei hyppigast nytta stillingane. I desse to sexstillingane ligg eller sitter deltakarane vendt mot ein annan. Desse stillingane såleis er ikkje spesielt godt egna til nærbilete, fordi dei er intime stillingar med mykje kroppskontakt mellom deltakarane. I misjonærstillinga, der deltakarane ligg oppå kvarandre er det lite rom for å gjennomføre the gynecological close-up. I cowgirl er det mogeleg å få nokre nærbilete av kjønnsdelar og penetrasjon, men her igjen får ein ikkje dei eksplisitte nærbilete slik som i dei to stillingane som oftast vart bruk i HMP. Fordi ein i FFP ynskjer å filme the gynecological close-up på ein meir diskre måte enn i HMP, så kan valet av desse to sexstillingane i FFP nettopp vore nytta som eit verkemiddel for å skapa eit alternativ til den typen nærbilete som blir nytta i HMP.

Kroppsfokus – nakne kvinner i HMP og andletsuttrykk i FFP

Det var ein tydeleg skilnad i kven kamera fokuserte på i dei to pornosjangrane. I alle dei 20 HMP-videoane låg fokuset på den kvinnelege kroppen. I desse videoane filma ein ofte lange sekvensar under sexakta der fokuset er på den kvinnelege skodespelaren sin kropp. Det var i hovudsak dei kvinnelege skodespelarane sine bryster, lår, rumpe og andlet som kamera fokuserte på. Dømer på dette finn ein i HMP-videoane *Double View Casting*, *Blow Bang* og *Busty Breast Exam* der kamera zoomar inn og held fokuset på den kvinnelege skodespelaren sin kropp, både før og under sexakta.

Før eg byrja analysere dei 20 FFP-videoane, antok eg at fokuset i dette materialet ville ligge på mannekroppen, i og med at dette var porno som er laga av kvinner for eit heteroseksuelt kvinnelege publikum. Men den kvalitative innhaldsanalysen gav eit anna resultat. I dei 20 FFP-videoane fokuserte kamera mest på berøringa mellom deltakarane i sexakta, samt andletsuttrykka deira. Eit godt døme på dette er FFP-videoen *Mad Men Porn*, der den kvinnelege skodespelaren sitt andlet er i fokus i mesteparten av videoen. Ho står i full påkledning lent over ein diger pult. Den mannlege skodespelaren står bak ho og kjærteiknar ho på ulike måtar. Kva han gjer med ho, eller korleis, er ikkje i fokus; kamera fokuserer derimot på andletet hennar og kva dei ulike andletsuttrykka hennar fortel. Også berøringa er i fokus i denne videoen, og kamera zoomar hyppig inn på skodespelarane sine hender som dei bruker til å stryke og ta på kvarandre under sexakta.

Denne skilnaden i kroppsfokus kan skyldast at det var ein forskjell i tidspunktet for når dei ulike skodespelarane kledde av seg i FFP og HMP. I HMP var det som oftast den kvinnelege skodespelaren som blei avkledd først, medan den mannlege skodespelaren kledde av seg undervegs i sexakta. Han byrja i full påkledning, for å så til dømes ta av seg bukse under forspelet. I nokre HMP-videoar, som til dømes *Milf Trainer* og *Irresistible* behaldt den mannelege skodespelaren eit klesplagg på gjennom heile sexakta, som oftast ei skjorte eller t-skjorte. Den kvinnelege skodespelaren var som oftast naken etter forspelet i HMP-videoane. Dette står i motsetning til FFP-videoane, der både den mannlege og den kvinnelege skodespelaren samtidig tok av kvarandre kleda under forspelet.

Det at det er den kvinnelege skodespelaren som først blir avkledd i HMP, kan gjere at det blir mest naturleg for kamera å fokusere på hennar kropp, i staden for den mannlege skodespelaren som også kan vere delvis er tildekt gjennom sexakta. Det at skodespelarane i FFP kler av seg saman under forspelet og som oftast er nakne på same tidspunkt, kan forklara kvifor kamerafokuset i desse videoane ikkje berre ligg på ein enkelt kropp, men på kroppane til begge/alle dei involverte i sexakta. Bruken av sexstillingar kan også spele inn i valet av kven kamera skal fokusere på. Eit døme på dette er stillinga reverse cowgirl, som blei hyppig nytta i HMP (sjå 5.3). Den kvinnelege skodespelaren er i denne sexstillinga vendt mot kamera. Den mannlege skodespelaren, som ligg på rygg, blir ofte overskygga av den kvinnelege skodespelaren som sitter på han, og er difor mindre med i kamera sitt fokus i denne stillinga enn den kvinnelege skodespelaren.

I boka *Media, Gender and Identity* (2008) bruker filmteoretikaren Laura Mulvey termen *narsissistisk voyeurisme*, når ho diskuterer prosessen der sjåarane identifiserer seg med protagonisten. Mulvey sin teori er at fordi rollene i tradisjonell film lenge har vore delt mellom den aktive parten, som oftast mannen, og den meir passive parten som ofte blir tildelt kvinna i filmen, identifiserer sjåarane seg deretter. Denne teorien kan nok også knytast til pornovideoar retta mot heteroseksuelle menn, der det oftare er mannleg protagonist enn kvinneleg (sjå 5.2). Dei mannlege sjåarane identifiserer seg med den mannlege protagonisten, og kvinnelege sjåarar blir i følgje Mulvey også tvungne til å identifisere seg med han. Dei blir difor nekta eigne synspunkt, noko som fører til at dei deltar i nytinga av menn som ser på kvinner (Mulvey, 1975, sitert i Gauntlett, 2008, 41). Denne prosessen kallar Mulvey for *the male gaze* – menn ser på kvinner, medan kvinner ser seg sjølv bli sett på. Mulvey hevdar vidare at kvinnelege karakterar ikkje har noko viktig rolle i film, bortsett frå å fungerer som erotiske objekt både for dei mannlege karakterane i filmen og for sjåarane (Mulvey, 1975, sitert

i Gauntlett, 2008, 41).

Det at kamera fokuserte på den kvinnelege skodespelaren sin kropp i HMP, kan relateras til Mulvey sin teori om kvinna som erotisk objekt for dei mannlege karakterane i filmen og for dei mannlege sjåarane, men det er ikkje sjølv sagt at dette betyr at kvinnelege sjåarar alltid blir tvungne til å identifiserer seg med den mannlege protagonisten. Sjølv om det ofte var ein mannleg protagonist i HMP, var det også i dette materialet nokre kvinnelege karakterar som tok initiativ til den seksuelle aktiviteten. I dei 3 HMP-videoane *Madison Ivy 1*, *Busty Breast Exam* og *Hot Mama* var det den kvinnelege skodespelaren som tok initiativ til sexakta. Kvinnelege sjåar som tenner på underkasting og som får ei seksuell oppleving av å overgje seg til andre, vil kunne identifisere seg med den kvinnelege karakteren som tek initiativet til den seksuelle aktiviteten, for å så blir dominert av den mannlege karakteren. Den kvinnelege karakteren kan dermed også skapa identifikasjonsmogelegheiter.

Forfattarane bak boka *Dirty Movies* (1976), Al Di Lauro og Gerald Rabkin, har ei anna tolking. Dei hevdar at sjølv om det er den kvinnelege kroppen som er i fokus i HMP, så betyr ikkje det nødvendigvis at det er kvinna som blir objektivisert, men heller mannen (Lauro & Rabkin, 1976, sitert i Williams, 1989, 58-59). Deira syn er at den mannlege skodespelaren blir framstilt som mindre menneskeleg enn den kvinnelege skodespelaren, sidan han berre fungerer som ein slags substitutt for det mannlege publikummet. Det vil seie at der er gjennom han at dei mannlege sjåarane sine lystar blir kanalisert. Den mannlege skodespelaren har ingen lystar sjølv, men er ein forlenging av publikummet sine seksuelle fantasiar, og blir på denne måten eit objekt eller verkemiddel (Williams, 1989, 59). Problemet med ei slik tolking er, i følgje Williams (1989), at ein ignorerer "the power implied in the film's predominant address to men" (Williams, 1989, 59). Det betyr at mannen kan fungerer som ein representant for det mannlege publikummet, men berre fordi den mannlege subjektiviteten er dominant, altså at det mannelege perspektivet er dominant. Den kvinnelege seksuelle nytinga kan nok komme til syne i HMP, men kvinnene blir alltid betrakta "from the point of phallus" (Williams, 1989, 59).

Når det gjeld FFP-materialet, kan ein seie at sjølv om kamera ikkje fokuserte så mykje på kroppen til dei mannlege skodespelarane i desse videoane, kan ein likevel sjå på den mannlege kroppen som eit objekt eller eit verkty som kvinna nyttar for å oppnå seksuell tilfredsstilling. Det vil seie at den mannlege skodespelaren i FFP blir objektivisert og berre sett på som eit verkemiddel kvinna kan nytte for å oppnå klimaks og seksuell nyting. Men handlinga i størsteparten av FFP-videoane eg har analysert gjer at ei slik objektivisering var

tilfellet når det kom til den mannlege skodespelaren. Som nemnd over, er fokuset i denne sjangeren heller på sjølve den felles sexakta enn kroppane til skodespelarane.

Musikk og voice-over

Når det kjem til bruk av musikk i videoane, så var det 8 FFP-videoar som nytta seg av det. Musikken som blei nytta i desse videoane var tilpassa handlinga. I til dømes *Mad Men Porn* er handlinga lagt til 50-talet, og ein spelar difor 50-tals musikk. Videoen *Taste, 5th Dessert* handlar om kokkekunst, og der finn ein musikk som kunne ha vore brukt i eit fancy matlagingsprogram à la Nigella Lawson. Handlinga i *Drive me Crazy* går føre seg i landlege omgivnader og ein country-aktig musikk er brukt for å understreke dette. Uansett type musikk, så var det likt for alle pornovideoane som nytta seg av musikk at den starta parallelt med videoen, for å så bli fadet ut når sexakta byrja. I HMP-materialet blei det berre nytta musikk i 2 av dei 20 videoane, nemleg *Irresistible* og *Blow Bang*.

Ein skilnad i musikkbruken hos dei to pornosjangerane var at musikken ein nytta seg av i FFP ikkje var spesielt typisk for porno; det var altså ikkje musikk ein nødvendigvis forbinder med porno generelt. Slik musikk er ofte det ein kan kalla forførande; han har gjerne rolege rytmar i eit jamt tempo utan noko form for vokal, men gjerne med innslag av sensuelt saksofonspel. Det er ofte musikk som er utdatert, eller umoderne. Den musikken som vart nytta i dei 8 FFP-videoane, *Anna's Secret*, *Ever After*, *Opposite Pleasure*, *A Touch of Romance*, *Lush*, *Drive Me Crazy*, *Mad Men Porn* og *The Couch Surfer*, var også utan vokal, men den hadde ein meir moderne klang. I FFP-videoane varierte ein mellom popmusikk, elektronika, jazz og indierock.

Oppsummert kan ein altså seie at det var fleire videoar blant FFP-materialet som hadde musikk enn i HMP-materialet. Både i FFP- og HMP-materialet var musikken utan vokal, men medan ein i HMP nytta seg av ein type sensuell musikk som ein gjerne forbinder med porno og som ikkje var knytt direkte til handlinga, så fann ein i FFP musikktypar som var mindre typisk for porno, og musikken var med på å understreka handlinga i videoen.

I tillegg til bruken av musikk, nytta 7 FFP-videoar seg av voice-over. Voice-over er bruken av ei forteljarstemme som ofte skal representerer karakterane i videoen. Denne typen stilistisk element blei ikkje nytta i nokon av dei 20 HMP-videoane. Likt for alle dei 7 FFP-videoane var at stemma som blei nytta i voice-over-segmentet representerte enten den kvinnelege eller den mannlege karakteren som fortalte om sine seksuelle fantasiar og kvifor ho eller han fantaserte om den seksuelle aktiviteten som skulle gå for seg i pornovideoen. I til dømes *The*

Art of Spanking byrjar videoen med at den mannlege karakteren sit i ein sofa og les ei bok. Medan han sit der, så får sjåaren høyre han fortelle om fantasien hans om "spanking". Eit anna døme på denne typen stilistisk element finn ein i videoen *Taste, 5th Dessert*. Her står den kvinnelege karakteren på eit kjøkken og forbereder eit måltid til kjærasten sin. Samtidig som publikum får sjå ho på kjøkkenet, har ein nytta seg av voice-over der ei stemme som skal representere henne, fortel om kva ho lagar og kva typar mat som kan vere morosamt å bruke i ulike seksuelle aktivitetar.

Det var som oftast protagonisten si stemme som blei nytta som voice-over. Som den kvantitative innhaldsanalysen viser (sjå kapittel 5, tabell 3 og 4), er det fleire kvinnelege protagonistar i FFP-materialet, og difor er det oftast ei kvinneleg stemme som voice-over i videoane som har dette stilistiske elementet. I alle dei 7 FFP-videoane med voice-over er dette nytta i byrjinga av handlinga. Likt for alle desse videoane var at det var protagonisten som delte sine seksuelle fantasiar med sjåarane, fantasiar som ofte blir spela ut seinare i handlinga. Voice-over blei altså nytta som ein introduksjon eller eit slags forspel, der ein på ein sensuell måte bygger opp stemninga og forbereder sjåarane på kva som er i vente.

Replikkar og kroppslege lydar

Det var replikkar i 16 FFP-videoar og i 18 HMP-videoar. Det var altså 4 FFP- og 2 HMP-videoar der skodespelarane ikkje hadde replikkar i et heile. I HMP-materialet var dette videoane *Blow Bang* og *Irresistible*, medan det for FFP-materialet var tilfelle for videoane *Drive Me Crazy*, *Lush*, *Opposite Pleasure* og *A Touch of Romance*. I alle desse 6 pornovideoane hadde ein nytta seg av bakgrunnsmusikk som vart fadet ut etter kvart som den seksuelle aktiviteten i pornovideoen tok seg opp (sjå førre avsnitt). Det som skilte HMP-videoane som nytta seg av bakgrunnsmusikk frå FFP-videoane, var at når musikken blei fadet ut, fekk ein i dei 2 HMP-videoane i større grad enn i dei 4 FFP-videoane høyre alle dei kroppslege lydane som oppstod under den seksuelle aktiviteten. Med kroppslege lydar meiner eg ikkje stønna eller andre verbale lydar som skodespelarane kom med igjennom sexakta, men lydar som oppstod til dømes ved penetrering av kjønnsdelar eller ved oralsex. Kroppslege lydar var også å finne i FFP-materialet til ein viss grad, men her var dei meir dempa enn i HMP-materialet. Dei kroppslege lydane i HMP oppstod oftast når den kvinnelege skodespelaren utførte oralsex på den mannlege skodespelaren. I til dømes HMP-videoen *Blow Bang* blei musikken fadet ut etterkvart som den seksuelle aktiviteten tok seg opp, og ein fekk høyre alle dei ulike kroppslege lydane som kan oppstå under eit samleie,

medan når musikken blei fadet ned i FFP-videoen *Drive Me Crazy*, hadde ein velt å ”mute” desse lydane. At ein hadde valt å dempa ned dei kroppslige lydane i FFP-videoane kan synast å gå mot Lust (2010) sin observasjon om at ein i FFP er opptatt av det realistiske og naturlege. Det mest realistiske og naturlege hadde nettopp vore å behalde desse lydane som oppstod under den seksuelle aktiviteten.

I dei videoane som ikkje nytta seg av replikkar, gjorde kroppsspråket til skodespelarane at handlinga likevel kom godt fram. Men i dei videoane der ein hadde nytta seg av replikkar, var det ein tydeleg skilnad i replikkane i HMP og FFP. Til dømes var replikkane i HMP-videoane mykje meir seksuelt lada enn dei som blei nytta i FFP-videoane. HMP-replikkane var meir rett på og over-seksualisert, og dei var det heilt frå starten av videoane. I FFP, derimot, byrja ein gjerne med å snakka om daglegdagse ting og emne. I til dømes *Taste I Course Bruschetta* er skodespelarane på stemnemøte. Etterkvart som den seksuelle aktiviteten i videoen tok seg opp, blei replikkane meir seksuelt lada.

Skilnaden i replikkar i FFP og HMP kan henge saman med at desse to pornosjangrane ofte har forskjellig forspel (sjå kapittel 6.2.2, avsnittet om Forspel). Den seksuelle aktiviteten som leier opp mot samleiet i dei to pornosjangrane varierte i lengde. I FFP bygde ein sakte opp stemninga mot samleie ved å nytte seg av kyss og berøring, medan deltakarane i HMP tilsynelatande ikkje trong like lang tid på forspelet før ein gjekk i gang med samleiet. Når ein vel å bruke meir tid på forspelet, som i FFP-materialet, har ein også lengre tid på å la sjåarane bli kjent med dei ulike karakterane, ved å gje dei meir kvardagslege replikkar som etterkvart blir meir seksuelt lada, medan ein i HMP er meir ivrig etter å komme fortast mogeleg til sjølve sexakta, og difor vel å nytte seg av seksuelt lada replikkar frå starten av.

Humor

Ein anna skilnad som kom fram igjennom den kvalitative innhaldsanalysen av FFP- og HMP-videoane var bruken av humor. Bruken av humor i handlinga førekom oftare i FFP enn i HMP. Dette kom blant anna tydeleg fram i 5 av FFP-videoane. Til dømes så handlar *Take me Drunk* om ei ungt kjærastepar som er ute og tar nokre drinkar med eit par vener. Kvinna i forholdet blir utover kvelden veldig full, og byrjar småkrangle med kjærasten. Han må til slutt hjelpe ho heim til leilegheita. Denne kjærlege småkranglinga mellom dei, i tillegg til at ho tydeleg er alkoholpåverka, skapar ei slags humoristisk stemning. Denne småkranglinga fortsetter under sexakta, noko som gjev sexakta ei komisk framtoning. Det same finn ein også i *Mad Men Porn*, der sekretæren har lidenskapeleg sex med sjefen sin, for å så vakne opp med

kontorpulten sin og realisere at alt berre var ein draum. Andletsuttrykket hennar og måten ho reagerer på når ho skjønner at alt var ein draum, gjev igjen denne pornovideoen ein artig og spøkefull stemning. Videoen *Taste, 5th Dessert* handlar om eit par som i utgangspunktet skal laga dessert på kjøkkenet, ei scene som etter kvart utviklar seg til heit sexakt, der dei heile tida smørar iskrem på kvarandre, samtidig som dei ler og kyssar kvarandre. Ein liknande situasjon ser ein også i *Midnight Dinner*, der den mannlege skodespelaren skal overraske den kvinnelege skodespelaren med eit heimelaga måltid, men som igjen utviklar seg til samleie på kjøkkenbenken, akkompagnert av mykje latter og fnising. Element av humor finn ein også i *Role Play*, der eit ungt par eksperimenterer på soverommet.

Denne typen humoristisk og uhøgtideleg stemning var berre å finne i 1 av dei 20 HMP-videoane, *Jordan Ash*, der handlinga lagt til ein vingard. Her får ein sjå det komiske samspelet mellom kona til eigaren av vingarden, spela av den kvinnelege skodespelaren, og ein stakkars arbeidar som blir slava rundt. Her er det mange humoristiske vri og vendingar, og det heile ender med at arbeidaren blir jaga frå garden når mannen i huset kjem heim.

Humor eller komikk i samband med porno er gjerne noko ein forbinder med HMP. Det er gjerne ikkje intensjonen til regissøren eller produsenten at pornovideoen skal vere humoristisk, men humor/komikk blir ofte forbundet med denne sjangeren grunna dårlege replikkar og skodespel, samt urealistiske handlingar. Særleg replikkane i HMP er kjent for å vere av låg kvalitet. Ikkje berre er både manus og replikkar ofte dårleg skrevet, skodespelarane framfører dei dårleg òg. Men i dei 5 FFP-videoane nemnd over og i HMP-videoen *Jordan Ash*, var humor ein stor del av handlinga, og det var tydeleg at det var intensjonen til regissørane bak desse videoane at humoren skulle vere ein viktig ingrediens. Humor blir gjerne nytta for å avvæpne ubehagelege situasjonar. Ein kan tenkje seg at humor blir nytta som eit verkemiddel i FFP for å vise at dette er ein sjanger som ikkje tar seg sjølv så høgtidleg. Humor kan også vere nytta i FFP som eit verkemiddel for å skilje seg frå annan porno. Det kan vere eit bevisst val av FFP-regissørar og -produsentar for å ufarleggjere ein sjanger som ein del potensielle sjåarar fortsatt har ei negativ haldning til. Igjen kan bruken av humor knytast til handlinga i FFP-materialet. Fordi denne sjangeren ofte omhandlar kjærastepar (sjå kapittel 6.2.1, avsnittet om Relasjonar) blir det kanskje meir naturleg å bruke humor i denne settinga. Ein viser i større grad i FFP-par som tøyser med kvarandre, og som på klumsete vis prøver å sprite opp sexlivet. Dette er i motsetnad til HMP-materialet, som typisk handlar om tilfeldig sex mellom karakterar som ikkje har kjennskap til kvarandre. Den humoren ein ser i FFP kan vere regissør sitt forsøk på å atterskape den humoren som gjerne

oppstår mellom kjærastar i verkelegheita. På denne måten legg handlinga i FFP opp til meir naturlege innslag av humor.

7 Alternativ til FFP for kvinnelege sjåarar

Sjølv om pornonettsider som pornhub.com og youporn.com tilbyr sine kvinnelege sjåarar ein eigen pornokategori gjennom merkelappen FFP, så viser undersøkingar at det nødvendigvis ikkje berre er denne typen porno det kvinnelege publikummet ynskjer å sjå. Pornhub.com gjennomfører kvart år ei undersøking over kvinner sine pornovanar og kva type porno dei søker etter på deira nettsida. Igjennom undersøkinga av perioden frå september 2014 til september 2015 (Pornhub Insights 2015), kom det blant anna fram at søkjeorda *lesbian*, *threesome* og *squirt* var dei mest brukte hos dei kvinnelege sjåarane på pornhub.com i denne perioden. Dei to første, *lesbian* og *threesome*, treng kanskje ikkje noko nærare forklaring, då namna er beskrivande for innhaldet. Det meir ukjende *squirt* er brukt om pornovideoar som fokuserer på den kvinnelege ejakulasjonen, altså at den kvinnelege skodespelaren spruter ei form for væske ut av vagina under klimaks.

Pornhub har også ført opp statistikk over kva kvinnelege sjåarar søker etter på deira nettsider i forhold til mannlege sjåarar. Her viste det seg at det var fleire kvinner enn menn som hadde søkt på orda *guy licking pussy*, *man eating pussy* og *pussy eating orgasm*. Dei mest oppsøkte pornosjangrane blant kvinnelege sjåarar på pornhub.com var *lesbian* og *gay*. I denne undersøkinga låg FFP på åttande plass av dei totalt ti mest populære sjangrane/kategoriene blant kvinnelege sjåarar. Men når det kom til kva pornosjanger som var mest sett på av kvinner i forhold til menn, så låg FFP øvst på lista av totalt ti sjangrar.

Dersom ein ser nærare på dei mest populære søkjeorda og pornosjangrane i høve til dei kvinnelege sjåarane, så ser ein at dei alle har til felles at dei til ein viss grad handlar om kvinnelege nyting og seksuell aktivitet på kvinner sine premisser. Til dømes så handlar alle dei tre søkjeuttrykka *guy licking pussy*, *man eating pussy* og *pussy eating orgasm* om kvinneleg nyting og tilfredsstilling igjennom cunnilingus, i to av tilfella utført av ein mannleg partner, *guy licking pussy* og *man eating pussy*. Pornosjangeren *lesbian* viser seksuell omgang mellom lesbiske kvinner og legg difor også vekt på kvinneleg nyting og kvinneleg seksualitet. Det er også tilfellet i kategorien *squirt*, då fokus på den kvinnelege nytinga er essensiell for at den kvinnelege deltakaren skal ejakulerer under klimaks. Det er ikkje alltid heilt klart om pornosjangeren *lesbian* verkeleg rettar seg mot eit lesbisk publikum, eller om sjangeren er eit

”girl-on-girl”-skalkeskjul for eit heteroseksuelt publikum. Pornovideoar som blir plassert under sjangeren lesbian på mainstream pornosider, inneber ofte mannleg deltaking. Det betyr til dømes at pornovideoen først viser seksuell aktivitet mellom to kvinnelege deltakarar, for å så inviterer ein mannleg deltakar med i aktiviteten (Attwood, 2010, 157-158). Når det gjeld FFP-videoane, så viste dei alltid seksuell aktivitet mellom mannlege og kvinnelege deltakarar; det var ingen videoar som hadde ei ”girl- on-girl”-handling, og heller ingen som inneheldt noko form for squirting.

I følgje pornhub.com si undersøking, blir FFP altså sett mest av kvinneleg sjåarar i forhold til menn, men ein ser også at det er andre pornosjangrar som er populære hos kvinner. Grunnen til at kvinnelege sjåarar vel å nytte seg av andre søkjeord og pornosjangrar enn FFP, kan til dømes skyldast at ein ikkje har markedsført FFP godt nok som sjanger. Sjølv i dei tilfella der en kjenner til omgrepet FFP, kan det vere problematisk å finne fram til denne kategorien på samlenettsider som pornhub.com og youporn.com. Av eiga erfaring tok det ein del tid før eg oppdaga FFP blant mylderet av pornosjangrar på begge desse nettsidene.

Ein annan grunn til at kvinnelege sjåarar oppsøker andre sjangrar enn FFP, kan sjølvsagt også vere at dei ikkje finn det dei ynskjer å sjå i FFP-kategorien. I følgje undersøkinga til pornhub.com ser ein at kvinnelege sjåarar er interessert i seksuelle aktiviteter som involverer cunnilingus. Den kvalitative innhaldsanalysen (kapittel 6.2.2, under avsnittet Forspel – Titty fuck og oralsex) viste at sekvensar der oralsex gagna den kvinnelege parten i FFP, ofte var korte i forhold til oralsex-scenene som gagna den mannlege parten. Dersom dette er ei form for seksuell aktivitet som det kvinnelege publikummet ynskjer å sjå, og FFP-videoane ikkje oppfyller dette ynsket, fører dette kanskje til at dei kvinnelege sjåarar vender seg til andre pornosjangrar eller bruker andre søkjeord for å finne materiale som fokuserer meir på akkurat denne typen seksuell aktivitet.

8 Konklusjon

8.1 Innleiing

Denne oppgåva har hatt som mål å finne ut om det videomaterialet som blir plassert i kategorien kalla *Female friendly porn*, eller FFP, på pornonettsider som youporn.com og pornhub.com, har spesifikke trekk som gjer at ein kan klassifisere det som ein eigen sjanger i meir teoretisk forstand innan pornografisk materiale. Med andre ord har eg

sett på om *Female friendly porn* har eit sett med kjenneteikn som er unike for dette materialet, eller om ein finn desse kjenneteikna også i materiale som kan seiast å vere typisk porno retta mot heteroseksuelle menn, og som eg i denne oppgåva har kalla HMP.

Studien min er altså ikkje berre ei skildring av FFP; han inneber også ei samanlikning med HMP, slik at det vert muleg å seie noko om kva som gjer FFP spesiell. Eg har difor valt å sjå på såkalla hardporno (*hardcore porn*), som er den typiske pornoen ein finn retta mot menn (sjå kapittel 1.2). Hovudmaterialet eg analyserer gjennom kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse omfattar 20 komplette FFP-videoar og 20 komplette HMP-videoar (sjå kapittel 3). Dette meiner eg er eit stort nok materiale til at det vert muleg å trekke nokre konklusjonar i forhold til spørsmålet om *Female friendly porn* kan kallast ein eigen sjanger innan porno. Det vil alltid vere eit spørsmål om dei trekka ein har valt å fokusera på i den kvalitative analysen er dei mest relevante i høve til ein sjangerbeskriving (sjå kapittel 1.2). Dei trekka eg har diskutert i denne oppgåva (sjå kapittel 6) er delvis inspirert av påstandar om porno og kvinner. Forskarane Feona Attwood, Susanna Paasonen og Linda Williams har forska på det som eg her kallar HMP, medan Brian McNair er den einaste som også inkluderer synspunkt på FFP. Eg har også sett på synspunkt presentert frå kvinner som er/har vore aktørar i pornobransjen, som Erica Lust og Candida Royalle. I tillegg vart lista med trekk satt opp etter mange gjennomsyn av videomaterialet frå begge kategoriane.

I dette konklusjonskapittelet vil eg starta med ei oppsummering av dei viktigaste funna eg har gjort (8.2). Samanlikninga av FFP- og HMP-materialet har eg også framstilt i tabellform i eit appendiks til oppgåva. Deretter vil eg diskutere om *Female friendly porn* kan seiast å vere ein sjanger innan porno i meir teoretisk forstand (8.3). Til sist i oppgåva vil eg kort seie noko om kva eg meiner oppgåva mi har tilført pornoforskinga, før eg peiker framover mot vidare forskingsspørsmål som det kan vere interessant å svare på i nye studiar (8.4).

8.2 Oppsummering og diskusjon av funna

Oppgåva er eit bidrag til pornoforskinga, som enno er eit relativt lite forskningsfelt innan mediastudier. Dette gjeld ikkje minst forskning på porno retta mot eit kvinneleg publikum. Eg har vist at FFP har vakse fram som eit kvinnevennleg alternativ til HMP. Blant anna har både feministiske rørsler med ei positiv haldning til porno og pornosjangeren *Couples* bidrege til FFP sitt opphav (sjå kapittel 4). FFP har fellestrekk med både *Feminist porn* og det som kallast *Erotica*, men skil seg frå desse to blant anna i målgruppe og formål. Der *Feminist porn* sikter

seg inn på ei meir samansett kvinneleg målgruppe, rettar FFP seg i hovudsak mot eit heteroseksuelt kvinneleg publikum. FFP og *Erotica* har innhaldsmessige fellestrekk som til dømes større vektlegging av karakterane sitt kjensleliv enn tradisjonell porno, men medan *Erotica* også legg vekt på karakterutvikling, er hovudformålet til FFP, som all anna porno, å skapa seksuell opphissing hos publikum.

Som allereie nemnd, finnst det ikkje mykje forskning på porno retta mot kvinner. Av den forskingslitteraturen som eg har funne relevant for arbeidet mitt, er det spesielt to forskarar som peiker seg ut, nemleg Linda Williams og Brian McNair. Williams sine bøker, *Hardcore* frå 1989 og *Porn studies* frå 2004, gjev ei brei utgreiing av fenomenet porno for heteroseksuelle menn, medan McNair si bok *Porno? Chic!* frå 2013 er ein studie av porno som eit kulturelt fenomen. I tillegg til den faglege vinkelen inn i temaet som Williams og McNair har gitt, har eg også fått interessante bidrag frå pornobransjeaktørar som Candida Royalle og Erika Lust, som baa gjer observasjonar om porno for kvinner frå ei erfaringsmessig vinkel, som produsent og regissør. Saman med McNair si bok frå 2013, er det særleg Lust si bok *Good porn: a woman's guide* frå 2010 som har hatt interessante innspel til oppgåva mi. Eg vil under spesielt kommentera dei funna eg har gjort som enten er i samsvar med eller skil seg frå det McNair (2013) og Lust (2010) beskriv. Eg gjev først ei kort oppsummering av hovudfunna frå den kvantitative analysen, før eg gjer det same for den kvalitative delen.

Den kvantitative innhaldsanalysen (kapittel 5) viste at FFP-videoane hadde færre sexstillingar og deltakarar enn HMP-videoane. Når det gjeld kjønnsfordeling, var hovudfunnet at FFP hadde fleire kvinnelege protagonistar enn HMP. At det er fleire kvinnelege protagonistar i FFP, stemmer overeins med den erfaringa Lust (2010) har gjort seg i pornobransjen.

Den kvalitative innhaldsanalysen (kapittel 6) starta med ein analyse av opphavsnettsidene til det analyserte materialet (6.1). Denne analysen viste at dei 4 FFP-nettsidene, *Erotica X*, *Frolicme*, *Lust Cinema* og *Sssh*, nyttar seg av det eg kallar mjuke og feminine ord og uttrykk i marknadsføringa, i tillegg til at dei er svært informative om kva slags porno dei tilbyr kundane sine. Dette er i motsetnad til dei 4 HMP-nettsidene, *Babes*, *Hustler*, *Devil's Film* og *21 Sextury Network*, som ikkje tilbyr kundane slik innhaldsinformasjon, men heller bilete av populære kvinnelege pornoskodespelarar og ulike konkurransar.

I den kvalitative innhaldsanalysen av videomaterialet (6.2) fann eg ulike trekk ved karakterane (6.2.1) som var forskjellige i FFP og HMP. I høve til kroppsbygning, var kvinnene FFP-videoane noko meir varierende i forma enn dei var i HMP-videoane, der alle

var slanke og med silikonimplantat i brysta. I FFP-videoane hadde ein nytta seg av mannlege skodespelarar med ein meir muskulær fysikk enn det ein såg hos dei mannlege skodespelarane i HMP-videoane.

Antrekket til dei kvinnelege karakterene var viktig i både FFP og HMP. Hovudskilanden var at kvinnene i FFP hadde relativt daglegdagse klede, medan dei i HMP alltid hadde det eg har kalla over-seksualiserte antrekk. Unntaket frå dette funnet var når antrekket var undertøy. Då var antrekket ganske likt for begge kategoriar, noko som avviker frå Lust (2010) sin observasjon om kva som er typiske kjenneteikn for FFP og HMP. Når det gjeld dei mannlege karakterane, var antrekk igjen viktig i FFP, mens det ikkje var det i HMP. Bruken av meir daglegdagse klede og kvinnelege skodespelarar med varierende kroppsbygning stemmer overeins med det Lust meiner kjenneteiknar FFP og blir i følge Lust nytta for å skapa både truverdig handling og større identifikasjonsmogelegheiter for kvinnelege sjåarar (Lust, 2010, 19).

Når det kjem til karakterane sine yrker, var det i FFP flest kvinnelege karakterar som hadde eit yrke, men yrket var ikkje så viktig for sjølve handlinga i videoane. I HMP var det flest menn som hadde eit yrke, og dette var ofte essensielt for handlinga. Det at kvinnelege karakterar har eit yrke i FFP, er noko som støtter opp om Lust (2010) sine erfaringar med denne typen porno.

Analysen avdekkja ein skilnad i relasjonane mellom karakterane i videoane. I FFP-materialet blei alle karakterane framstilt som kjende for kvarandre, gjerne som karakterar som allereie hadde varme kjensler for kvarandre, som kjærastepar, sambuarar eller elskarar. I HMP, derimot, var dei portretterte karakterane ukjende med kvarandre, slik at handlinga innebar tilfeldig sex.

Alder synt seg å vere eit viktig element i HMP-materialet. Den kvinnelege karakteren skulle enten vere eldre enn den mannlege, som i videoar med Milfs-handling, eller yngre, som i videoar med skulejente-handling. Alder var derimot ikkje eit karakteristisk trekk i FFP-materialet.

Vidare i den kvalitative innhaldsanalysen såg eg på trekk ved sjølve sexakta (6.2.2). Når det gjeld forspelet, var oralsex vanleg i både FFP og HMP. I oralsex-scenene der kvinna utførte oralsex på mannen, vara denne sekvensen ein god del lenger i HMP enn i FFP, medan same type scene i omvendt situasjon, der mannen var den utførande part, vara om lag like lange i begge gruppene. Bruken av såkalla titty fuck som ein del av forspelet blei ikkje nytta i noko

av FFP-videoane, men førekom i heile to tredelar av HMP-videoane. Når det gjeld klimaks i sexakta, syntet seg at FFP- og HMP-materialet var heilt likt: berre i ein video fekk den kvinneleg karakteren orgasme, medan den mannlige karakteren (eller karakterane) oppnådde orgasme i alle videoane. Dette funnet framstår som ganske overraskande i lys av at fokus i FFP er på kvinneleg nyting.

I analysen av sexakta vurderte eg også graden av brutalitet i dei to pornotypene. Både FFP- og HMP-materialet representerer hardcore porno, men inntrykket eg sit igjen med etter å ha sett og analysert dei 40 videoane, er at HMP framstår som meir røff og brutal porno enn FFP. Dette kom til syne både i mannen sin handtering av kvinna, både før, under og etter sexakta og i måten ho blei snakka til. Bruken av the money shot som siste del av akta kan kanskje også understøtte dette inntrykket av mannleg dominans i HMP. Alle HMP-videoane brukte the money shot som avsluttande scene, medan kun eit par av FFP-videoane gjorde det same.

Til sist i den kvalitative analysen såg eg på diverse produksjonsmessige element ved videoane (6.2.3). Når det gjeld kvar handlinga er plassert geografisk, meiner Lust (2010) at det er ein skilnad mellom FFP og HMP i kva type setting dei to typene porno nyttar seg av, med større grad av urbane settingar i FFP enn i HMP. Mine resultat her viste imidlertid at både HMP-videoane og FFP-videoane ofte nytta seg av ei urban setting. Sjølv om settinga altså var nokså lik i FFP og HMP, så viste andre produksjonsmessige element eg såg på, forskjellar mellom dei. Eit døme er bruken av kulissar, der det var meir detaljerte og gjennomførte kulissar i FFP enn i HMP, noko som McNair (2013) peikar på som typisk for porno retta mot kvinner (sjå kapitte 4.1). Eit anna element som syntet forskjellar var kamerabruk og -vinklar, med meir variasjon i FFP-videoane enn i HMP-videoane, noko som gjorde at dei ulike scenene og sceneovergangane i FFP fekk ein meir naturleg flyt.

Analysen inkluderte også filmtekniske aspekt, som bruk av kamera og kameravinklar. Kamerabruken framstod som enklare i HMP enn i FFP; det var faste kamera og færre vinklar. Dei valgte vinklane i HMP fulgte typisk det såkalte standardoppsettet for porno, the porn formula og nærbilete av kjønnsorgan i aktivitet. Sjølv om FFP nytta meir variert kamerabruk, var nærbilete av kjønnsdelar det vanlege. Begge typene viste the gynecological close-up, men det framstod ikkje like ”påtrengande” i FFP som i HMP, sidan det var filma frå noko lengre avstand og med meir dempa belysning. Dette er igjen noko som stemmer godt med McNair (2013 sine observasjonar (sjå kapittel 4.1). Det syntet seg også at medan det i HMP stort sett var fokus på kropp, hadde ein i FFP også eit visst fokus på andleta til deltarane, medan HMP i større grad var fokus på kropp.

Ein annan skilnad fann eg i bruken av virkemidlar knytta til lyd, som musikk, voice-over, replikkar og ikkje-verbale lydar. Medan HMP-materialet knapt inneheldt musikk, hadde nesten halvparten av FFP-videoane dette. Musikken som blei nytta i FFP var meir moderne enn det ein fann i dei par HMP-videoane med musikk. I tillegg nytta om lag ein tredel av FFP-videoane voice-over, men ingen av HMP-videoane hadde dette. Kroppslege lydar som oppstår under samleiet var å finne i eit par HMP-videoar, men ikkje i nokre av FFP-videoane. Når det gjaldt bruk av replikkar, var dette om lag like vanleg i begge materialgruppene, 16 i FFP mot 18 i HMP. Det var likevel ein viktig skilnad når det gjalt innhaldet i replikkane. I FFP omhandla replikkane daglegdagse ting, medan replikkane i HMP var meir seksuelt lada. I gjennomgangen av materialet la eg merke til at det fanst spor av humor i nokre videoar. Analysen viste at ein firedel av FFP-videoane gjorde bruk av humor i handlinga, medan ein 1 HMP-video gjorde det same. Humor kan dermed ikkje seiast å vere eit tydeleg karakteristisk trekk ved nokre av pornotypene.

8.3 Er Female friendly porn ein eigen sjanger?

Skilnadene mellom FFP- og HMP-materialet som er påvist i analysane i oppgåva mi kan skyldast fleire ting. Dei kan vere resultatet av bevisste forsøk av filmskaparar og regissørar (som til dømes Lust) på å skapa ein eigen stil i FFP, slik at denne typen porno distanserer seg meir frå HMP, som FFP har oppstått som eit alternativ til. Fordi FFP rettar seg inn mot eit kvinneleg publikum, prøver ein å imøtekomme deira behov og lystar til dømes ved å spele på det ein kan sjå på som mjukare verkemiddel og verdier. Eksempel på slike mjukare verkemiddel og verdier finn ein til dømes på nettsidene der FFP vert tilbydd; videoane marknadsførast med meir feminine ord og uttrykk enn på HMP-nettsidene, og i fin designmessig innpakking (sjå tittelsida på oppgåva). Same tendens ser ein i titlane på videoane: Sjølv om nokre av videotitlane i FFP-materialet også hadde tydelege signal om at dette er porno (*Take me Drunk; The Art of Spanking*) kan ein også sjå *A Touch of Romance* eller *Waltz With Me*. I HMP-materialet derimot, var det sjeldan tvil om at dette var porno (*Busty Breast Exam; Crazy Fuck* og *Naughty School Girl*).

Kanskje det viktigaste skiljet mellom FFP- og HMP-materialet kom fram i trekket eg har kalla Relasjonar mellom karakterane (6.2.1). FFP-videoane viser i stor grad seksuell omgang mellom deltakarar som portretterer etablerte par, i staden for sex mellom deltakarar som møter kvarandre tilfeldig, slik det skjer i HMP. Fleire av dei andre skilnadene eg har observert kan knyttast til dette funnet, så som val av kvinnelege skodespelarar med meir

naturleg/realistisk kropp, noko bruk av humor, replikkar om daglegdagse ting, daglegdagse klede tilpassa situasjonen, i tillegg til val av meir ”daglegdagse” og intime sexstillingar og samtykke-sex.

Vidare, så kan ein sjå spor etter meir likestilte partnarar i FFP enn i HMP, der mannleg dominans og maktutøving er meir tydeleg. Dei kvinnelege karakterane i FFP har yrke som ikkje er underordna den mannlege karakteren sin arbeidsstilling; dei vert ikkje tvinga til sex, og dei vert ikkje behandla brutalt eller tiltala med skjellsord.

Hovudinstrykket eg sit igjen med etter å ha analysert materiale frå desse to pornosjangrane er at FFP tilbyr sine sjåarar i større grad ein meir verkelegheitsnær porno enn HMP. FFP har meir realistiske handlingar og karakterar med kjensler for kvarandre, og som framstår som relative likeverdige i sexakta. Dette står i kontrast til HMP som tilbyr sine sjåarar ein type fantasisex. Den seksuelle aktiviteten skjer mellom to eller fleire personar som treff kvarandre tilfeldig og alt skjer på dei mannlege deltakarane sine premisar, enten dei ville det eller ei, at eg sitter igjen med ei meir verkelegheitsfjern representasjon av sex i HMP enn i FFP. HMP-videoane omhandla ofte tilfeldig sex, og dette i kombinasjon med over-seksualiserte replikkar og antrekk hos dei kvinnelege skodespelarane gav eit intrykk av at HMP tilbyr sine sjåarar ein type porno som i større grad portretterer scenarioer som er meir tufta på fantasien enn det ein har sett i FFP.

Med basis i desse likskapane og ulikskapane har eg konkludert med at *Female friendly porn* kan sjåast på som ein eigen sjanger innan sjangerklassa pornografi på nett, på lik linje med det eg har kalla HMP (tradisjonell porno, som diskutert i til dømes Williams, 1991) og kanskje det nettsidene kallar *lesbian*. Dei trekka eg meiner er definerande for sjangeren FFP i kontrast til sjangeren HMP er: den nære og likeverdige relasjonen mellom karakterane i FFP (i motsetnad til den tilfeldige relasjonen i HMP), fråver av brutalitet og mannleg dominans (i forhold til i HMP), og realismen som preger FFP, i kontrast til fantasiverda bygd opp i HMP.

8.4 Oppgåva sitt forskningsbidrag og vidare forskning

Porno for kvinner er framleis et relativt lite forskingsfelt. Mitt studie av pornovideoar som er klassifisert av bransjen sjølv som retta mot heteroseksuelle kvinner er difor eit bidrag som forhåpentlegvis har tilført ny og meir detaljert kunnskap om korleis slik porno ser ut. Ved å samanlikne denne pornoen med den som er meint for eit heteroseksuelt mannleg publikum, har eg vist bae likskapar og ulikskapar mellom dei to kategoriene. Eg har óg argumentert for

at FFP representerer ein eigen sjanger innanfor porno retta mot den heteroseksuelle marknaden.

Det vil sjølvsagt alltid vere interessant å sjå på eit større materiale enn eg har kunna analysere i denne masteroppgåva for å få fram enda fleire nyansar i skildringa av FFP. Eit anna spørsmål som vil vere interessant å ta fatt i er om FFP faktisk er ein sjanger som treff heteroseksuelle kvinnelege pornobrukarar sine behov. Me såg i kapittel 7 at sjølv om det var fleire kvinner enn menn som søkte opp FFP-videoar, så var andre sjangrar meir populære hos kvinnene. Forsking som kan svare på dette spørsmålet vil kunne gje breiare innsikt i heteroseksuelle kvinner sin seksualitet og kan vere nyttig for bransjen som skal levere porno til denne gruppa.

Litteraturliste

Faglitteratur

- Attwood, F (red.) (2010) *Porn.com - Making sense of online pornography*. New York: Peter Lang Publishing.
- Bordwell, D og Thompson, K (2004) *Film art – An introduction*. New York: McGraw-Hill.
- Braudy, L og Cohen, M (red.) (2009) *Film theory and criticism*, 7. utg., New York og Oxford: Oxford University Press.
- Di Lauro, A og Rabkin, G (1976) *Dirty movies: An illustrated history of the stag film 1915-1970*. New York: Chelsea House.
- Doherty, T (2002) *Teenagers and teenpics – The juvenilization of American movies in the 1950s*. Philadelphia: Temple University Press.
- Gauntlett, D (2008) *Media, gender and identity – An introduction*. New York: Routledge.
- Grebowicz, M (2013) *Why Internet Porn Matters*. California: Stanford University Press.
- Ikard, T. 2010. CarnalNation journal, oktober, women.power.porn (siteret i McNair, 2013).
- Langford, B (2005) *Film genre – Hollywood and beyond*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Lust, E (2010) *Good Porn: A woman's guide*. Berkeley, California: Seal Press.
- McNair, B (2013) *Porno? Chic! – How pornography changed the world and made it a better place*. New York: Routledge.
- McNair, B (2013) *Porno? Chic! – How pornography changed the world and made it a better place*. New York: Routledge.
- Mulvey, L (1975) "Visual pleasure and narrative cinema" (siteret i Gauntlett, D (2008) *Media, gender and identity – An introduction*. New York: Routledge, s. 41).
- Naughty, Ms. (a.k.a. Louise Lush) (2013) "My decadent decade: Ten years of making and debating porn for women", i Taormino, T, Shimizu, C P, Penley, C og Miller-Young, M (red.) (2013) *The feminist porn book: the politics of producing pleasure*. City University of New York: the Feminist Press, s 70-78.
- Paasonen, S (2010) "Good amateurs: Erotica writing and notions of quality", i Attwood, F (red.) (2010), *Porn.com - Making sense of online pornography*. New York: Peter Lang Publishing, s.138-154.
- Royalle, C (2013) "'What's a nice girl like you...'", i Taormino, T, Shimizu, C P, Penley, C og Miller-Young, M (red.) (2013) *The feminist porn book – The politics of producing pleasure*. New York: The Feminist Press, s. 58-69.

Taormino, T, Shimizu, C P, Penley, C og Miller-Young, M (red.) (2013) *The feminist porn book: the politics of producing pleasure*. City University of New York: the Feminist Press.

Walsh, H (2009) "Pornography is far too complicated to distill into a smart t-shirt slogan". *Guardian* 29.08.2009 (siteret i McNair, 2013).

Williams, L (1989) *Hard core – Power, pleasure, and the "Frenzy of the Visible"*. Berkeley and Los Angeles: University of California Press.

Williams, L (1991) "Film bodies: gender, genre, and excess", i *Film Quarterly*, 44: 4, 2-13.

Williams, L (red.) (2004) *Porn studies*. Durham og London: Duke University Press.

Østbye, H, Helland, K, Knapskog, K og Larsen, L O (2007) *Metodebok for mediefag*, 3. utg., Bergen: Fagbokforlaget.

Nettpublikasjoner

Cultura Critica (u.d.) "The Film Industry and the Chick Flick Genre". Tilgjengelig frå: <http://www.culturacritica.cc/2015/01/the-film-industry-and-the-chick-flick-genre/?lang=en> (lest 28.11.2015)

Gloudeman, N (2014) "4 Female Adult Film Producers Talk Porn for Women", *The Huffington Post*. Tilgjengelig frå: http://www.huffingtonpost.com/nikki-gloudeman/4-female-adult-film-producers-talk-porn-for-women_b_6148252.html (lest 14.05.15).

Pornhub Insights (25.06.2015). Tilgjengelig frå: <http://www.pornhub.com/insights/women-gender-demographics-searches> (lest 01.11.2015)

Nettsteder brukt til materialinnsamling

<http://www.babes.com>

<http://www.devilsfilm.com>

<http://www.frolicme.com>

<http://www.hustler.com>

<http://www.lustcinema.com>

www.pornhub.com

<http://www.sssh.com>

http://tour2.ericax.com/en/?utm_source=1000&utm_campaign=

<http://21sextury.com>

www.youporn.com

Appendiks

Innhaldsanalysen (kvantitativ og kvalitativ) av FFP- og HMP-materialet oppsummert

FFP-videoane	HMP-videoane
Få deltakarar	Fleire deltakarar
Marginal overvekt av kvinnelege deltakarar	Overvekt av mannlege deltakarar
Større grad av kvinnelege skodespelarar med variert kroppsfasong	Kvinnelege skodespelearar med slank fysikk
Silikonimplantat hos dei kvinnelege skodespelarane uvanleg	Silikonimplantat hos dei kvinnelege skodespelarane vanleg
Større vekt på den mannlege skodespelaren sin fysikk	Større vekt på den kvinnelege skodespelaren sin fysikk
Antrekket til dei kvinnelege deltakarane var tilpassa handlinga i videoane; ofte kvardagslege klede	Antrekket til dei kvinnelege deltakarane var over-seksualisert, uansett handling i videoane
Dei mannlege deltakarene hadde trendy kledestil	Dei mannlege deltakarane hadde avslappa og kvardagsleg kledestil
Fleire kvinnelege protagonistar	Fleire mannlege protagonistar
Protagonisten har som oftast yrke	Protagonisten har som oftast yrke
Den mannlege deltakaren hadde ikkje yrke	Den kvinnelege deltakaren hadde ein underordna jobb, under den mannlege deltakaren i rang
Yrke mindre essensielt for handlinga	Yrke meir essensielt for handlinga
Få sexstillingar	Fleire sexstillingar
Mest nytta stillingar: misjonærstillinga og cowgirl	Mest nytta stillingar: doggystyle og reverse cowgirl
Elskande par	Tilfeldig sex
Alder ikkje viktig for handlinga	Alder viktig for handlinga
Dei fleste videoane har replikkar	Nesten alle videoane har replikkar
Replikkar om daglegdagse ting	Replikkar av seksuell karakter
Ein viss grad bruk av humor som del av handlinga	Humor i mindre grad ein del av handlinga
Kvinneleg protagonist tar initiativ til sexakta på ein forsiktig måte	Kvinneleg protagonist tar initiativ på ein meir rett på sak-måte, gjerne ved bruk av dirty talk
Inneheldt ikkje titty fuck som ein del av forspelet	Inneheldt titty fuck som ein del av forspelet
Oralsex utført av den kvinnelege deltakaren vara i 2-4 min.	Oralsex utført av den kvinnelege deltakaren vara i 3-7 min.
Nokre videoar med sekvensar der den mannlege deltakaren utførte oralsex på den kvinnelege	Nokre videoar med sekvensar der den mannlege deltakaren utførte oralsex på den kvinnelege
Færre og kortare sekvensar av the gynecological close-up	Fleire og lengre sekvensar med the gynecological close-up.
The money shot nytta i mindre grad	The money shot nytta i alle videoar
1 kvinneleg deltakar oppnådde orgasme, alle mannlege deltakarar oppnådde orgasme	1 kvinneleg deltakar oppnådde orgasme, alle mannlege deltakarar oppnådde orgasme
Nytta seg av kyss og berøring etter sexakta	Nytta seg ikkje av kyss og berøring etter

	sexakta
Handlingar basert på valdtektsfantasi ikkje nytta	Handlingar basert på valdtektsfantasi nytta
Ikkje brutalitet i den seksuelle aktiviteten	Brutalitet i den seksuelle aktiviteten
Urban og landleg setting	Urban og landleg setting
Legg vekt på kulissar	Legg ikkje vekt på kulissar
Haldhendt kamera og fleire kameravinklar	Få kameravinklar
Andletsuttrykk til både mannleg og kvinneleg deltakar i kamerafokus	Den kvinnelege deltakaren sin kropp alltid i kamerafokus
Nyttar seg i større grad av musikk	Nyttar seg i liten grad av musikk
Moderne musikk relatert til handlinga	Utdatert musikk utan samanheng med handlinga
Nokre videoar med voice-over	Ingen videoar med voice-over